


# *Leidarsteidn*



## **Årshefte 2018**

### **Bømlø Tur- og Sogelag**

Årgang 17

Pris kr 200,-

## Innhald:



|  |      |
|--|------|
| Forord.....  | s 3  |
| Tillitsvalde i Bømlo Tur- og Sogelag.....  | s 4  |
| DS “Brisling” sitt tragiske forlis<br>Av Bernt Emil Vika / Lars Inge Vestvik.....    | s 5  |
| Bedehuset på Espevær<br>Av Bernt Emil Vika / Trygve Eiken / Rolf Nesse.....          | s 17 |
| Tilbakeblikk på ein tragedie<br>Av Rigmor Eide.....                                  | s 30 |
| Redningsskøytebygda? Det var Langevåg, det!<br>Av Nils Henning Vespestad.....        | s 32 |
| Soga om Brynhilde Johnsdatter Tormodsæter (1849 - 1838)<br>Av Knut Torsethaugen..... | s 46 |
| Kristian Eidesvik - ein ung emigrant<br>Av Bernt Emil Vika.....                      | s 52 |
| ”Kor vart det tå dei?”<br>Ved Bertha Marie Eidesvik.....                             | s 60 |
| Baksidebilete.....   | s 64 |

**Vil du bli medlem i Bømlo Tur- og Sogelag?**

**Du kan bli medlem ved å senda ein mail med**

**namn og adresse til [post@b-ts.no](mailto:post@b-ts.no)**

**eller kontakta kasserar Ester Karin Barane Våge**

**tlf. 99504196 / [ester.vaage@gmail.com](mailto:ester.vaage@gmail.com)**

## Forord

Kjære lesar av Leidarsteidn!

Så kan redaksjonen i Leidarsteidn atter ein gong tilby ei samling artiklar til deg som likar å lesa lokalhistorisk stoff. Håpar du finn noko av interesse også i år.

Sidan starten i 1972 har Bømlo Tur- og Sogelag først og fremst hatt fokus på å ta vare på dei mange husa som sogelaget eig eller disponerer. Restaurering og vedlikehald av desse er ressurskrevjande, og ein må utføra arbeidet der det er mest naudsynt. Det siste året er det saga ved Vorlandsvågen ein først og fremst har konsentrert seg om. Taket på huset er skifta, og sagbenken montert på plass inne. Det som gjenstår no er montering av vasskallen og slåket. Dette tek ein sikte på å få på plass i løpet av hausten i år og våren til neste år. Går alt etter planen vil saga vera operativ i løpet av sommaren 2019. Takk til dugnadsgjengen som legg ned mykje arbeid for å få saga til å gå. Takk òg til Bømlo Maskin v/Lars Lønning som vederlagsfritt har frakta nødvendig utstyr og material til saga med flåten sin.

Saga har aldri vore i Bømlo Tur- og sogelag si eige. Sogelaget har kun tatt på seg vedlikehald av bygningen. Våren 2018 gjorde ein avtale med eigar av saga, Einar Vorland, om å få bruksrett til saga. Avtalen vart tinglyst 29. mai 2018. Takk til Einar for at denne avtalen no er på plass.

Etter som saga ved Vorlandsvågen er eit unikt kulturminne, fatta Landslaget for lokalhistorie interesse for restaureringsarbeidet. Generalsekretær Tor Anders Bekken Martinsen og styreleiar Mikal Heldal tok difor i juli turen til Bømlo både for å sjå på arbeidet med saga og for å gjera seg betre kjent med Bømlo Tur- og Sogelag. Dette besøket sette me svært stor pris på.

Men ikkje berre saga har hatt fokus i år. Dugnadsgjengen på Berge gjer ein svært god jobb med Bergehuset og smia. M.a. er det skifta to vindauge i Bergehuset, og på smia er både taket og veggane måla utvendig. Inne i smia er det laga til arbeidsbenk, og ei æse er tenkt montert i gruva. Målet er å få smia i drift om ikkje altfor lenge. Takk til den trufaste dugnadsgjengen på Berge.

Når det gjeld turstiane, har ein sett i gang eit arbeid som skal føra til betre skilting, merking og informasjon. Me kjem til å starta oppgraderinga på stien Løvegapet - Roaldsfjorden - Sætre. Takk til turnemnda som arbeider med dette prosjektet.

Haustfesten i fjor var ein stor suksess, med rundt 80 påmelde. Skjærtorsdag på Berge samla rundt 100 deltakarar. Takk til arrangementskomiteen for det store arbeidet dei legg ned.

For ikkje å gløyma nokon, vil me retta ei stor generell takk til alle dei tillitsvalde i laget, til medlemmene våre og alle som har vore med på å driva Bømlo Tur- og Sogelag framover ved dugnadsarbeid o.l. Takk òg til dei som har bidratt med stoff til Leidarsteidn og til deg som kjøper heftet.

Til slutt ei stor takk til hovudsponsoren vår, Haugesund Sparebank, som velvillig hjelper oss med økonomisk støtte til arbeidet vårt.

Så vil me ynskja alle ei God Jul og eit Godt Nyttår!

*Bernt Emil Vika*

## Vi støttar Bømlo Tur- og Sogelag



**Haugesund Sparebank**

Sentralbord: 03240 / 52705000 Telefaks: 52705001

post@haugesund-sparebank.no

# Tillitsvalde for Bømlo Tur- og Sogelag, valde på årsmøtet 10. april 2018.

## Styret

### Faste medlemmer av styret

|             |                                    |
|-------------|------------------------------------|
| Leiar       | Bernt Emil Vika, 1 år (ny)         |
| Nestleiar   | Nils Peder Holme, 2 år (ny)        |
| Kasserar    | Ester Karin Barane Våge, 2 år (ny) |
| Sekretær    | Lars Inge Vestvik, 2 år (gj.val)   |
| Styremedlem | Ivar Barane, 2 år (gj.val)         |
| Styremedlem | Arvid Samdal, 2 år (ny)            |

### Varamedl. til styret:

|                     |
|---------------------|
| Signe Lønning, 1 år |
| Gerda Larsen, 1 år  |

## Arrangementsnemnd

|                               |
|-------------------------------|
| Ivar Barane, 2 år (gj.val)    |
| Anne Karin Pedersen, 1 år     |
| Torhild N. Vika, 1 år         |
| Lene Pedersen, 2 år (gj.val)  |
| Lene Tendeland, 2 år (gj.val) |
| Anita Pedersen, 2 år (gj.val) |

## Restaureringsnemnd

|                          |                                   |
|--------------------------|-----------------------------------|
| Bergehuset               | Knut Hegle, 1 år                  |
|                          | John Harald Bauge, 2 år (gj.val)  |
| Fridtun og Hilleborgst.  | Arne Vorland, 1 år                |
|                          | Helge Bunes, 2 år (gj.val)        |
|                          | Odd Bjarne Hovland, 2 år (gj.val) |
| Kvernhaus og Karinestova | Endre Barane, 1 år                |
|                          | Egil Lodden, 2 år (gj.val)        |
|                          | Aksel Kønig, 1 år                 |
| Saga                     | Arvid Samdal, 1 år                |
|                          | Nils Peder Holme, 1 år            |
| Ådnahytta                | Lars Inge Vestvik, 2 år (gj.val)  |
| Kvernhaus på Bergeseidet | Reinert Hovland, 1 år             |

## Nemnd for merking av stiar

|  |
|--|
| Bertha Marie Eidesvik (leiar), 2 år (gj.val) |
| Helge Glærum, 1 år                           |
| Ellen Vold, 2 år (gj.val)                    |
| Svein Kallevåg, 2 år (ny)                    |
| Kjell Einar Holme, 2 år (ny)                 |

## Skriftstyre

|                                  |
|----------------------------------|
| Bernt Emil Vika, 1 år            |
| Norvald Nyteveit, 2 år (gj.val)  |
| Lars Inge Vestvik, 2 år (gj.val) |

## Valnemnd

|                     |
|---------------------|
| Signe Lønning, 1 år |
| Liv Olson, 1 år     |

## Internett

<http://www.b-ts.no>  
Mail: [post@b-ts.no](mailto:post@b-ts.no)

## Org.nr.

985056761



# DS “Brisling” sitt tragiske forlis

Av Bernt Emil Vika / Lars Inge Vestvik

**I juli 1931 forliste fiskedampskipet ”Brisling” på veg til sildefiske ved Island. Båten var heimehøyrande i Haugesund og er såleis utanfor det området Leidarsteidn vanlegvis hentar stoff frå. Men etter som halve mannskapet (6 unge menn) kom frå vårt distrikt, Langevåg-området og Grutle, tar vi med historia om dette forliset her.**

## Bakgrunn om islandsfisket

Allereie på slutten av 1700-talet vart det år om anna sendt norske ekspedisjonar til Island for å driva fiske etter sild. Ekspedisjonane hadde gjerne med seg tømmer for sal til islendingane og saltsild tilbake til Noreg. Landnot var vanleg fiskereiskap i den tidlege fasen av islandsfisket. Fisket gjekk føre seg i sommarmånadene, tida då vêrtilhøva var på det beste.

Men det var først då storsilda forsvann frå kysten av Sør-Noreg på 1870-talet - og fiskarane måtte sjå seg om etter nye felt - at sildefisket ved Island verkeleg tok seg opp. I 1879 drog ni fartøy til Island, sju av dei var frå Haugesund. Rogaland vart det leiande fylket i det stadig veksande islandsfisket. Rundt midten av 1880-talet deltok på landsbasis mellom 150 og 200 fartøy i dette fisket, dei fleste frå Haugesund-distriktet.

Islendingane hadde i førstninga ein liberal politikk overfor utanlandske fiskarar, og mange norske sildesalteri vart bygde på Island. Seinare kom det restriksjonar på fisket. M.a. vart det framsett krav om at utlendingar som ville fiska innanfor territorialgrensa måtte ha heilårsbustad (hus med pipe) på Island. Norske styresmakter svara med å innføra høgare toll på import av kjøt frå Island.


Men silda kunne også fangast på andre måtar enn med not under land, og mot slutten av 1800-talet vart drivgarn tatt i bruk i stadig større grad. På denne måten kunne ein fiska lenger til havs og var ikkje avhengig av at silda tok land.

Med seg hadde båtane tomtønner til salting av sild. Ein god del av desse vart stabla opp i ein stor tønnegalge på båtdekket bak styrehuset, resten vart stua i rommet. Talet på tomtønner varierte frå båt til båt - alt etter storleik på båten og lasteevne. Vidare hadde dei med seg store mengder salt i tønner. Etter kvart som silda vart tatt om bord, vart ho lagd lagvis i tønnene. Noko vart skarpsalta og noko kryddersalta. Ferdig fylte tønner vart låra ned i rommet - lavt i båten. Her vart det bora eit hol i sida på tønnene som så vart fylte heilt opp med lake. Hola vart sponsa med treproppar. Ein del av fangsten vart flakt og hengt opp til tork rundt om på båten.

I den tidlege fasen av islandsfiske var båtane av typen galeas. Men utetter slutten av 1800-talet vart kutterar og andre båttypar av tre meir vanlege. Fiskebåtar bygde av stål med dampmaskin kom til utover 1900-talet. Desse var større og hadde betre lastekapasitet. Drivgarnfisket var framleis vanleg, men parallelt med drivgarn kom snurpenota no meir og meir i bruk.

Fisket var hardt. Lange arbeidsdagar og ofte surt og kaldt vêr sleit på mannskapet. Maten var gjerne fisk dei fiska sjølv, salt kjøt og erter, kjøttkaker eller hermetiske pølser. Poteter og grønsaker høyrde med. Enkelte båtar kjøpte islandsk sauekjøt når dei låg under land. Brød vart baka om bord, i kolfyrte komfyrar. Ytterkledda var bomullsjakke, overall og oljehyre.

Å dra over Norskehavet til Island for å fiska sild var på mange måtar ein økonomisk usikker affære - og i høgste grad ei farefull reise. Store summer til utrusting av båtane vart investerte, og kom ein heim utan fangst, vart det tap for reiarane og lita hyre på fiskarane. Men den lange reisa over ope hav i relativt små fartøy, var nok for mange det som bekymra mest, i alle fall for dei næraste som sat att heime. Det var ingen tvil om at overfarten hadde eit stort element av sjansespel over seg. Men gjekk reisa godt og fisket var bra, var det god fortjeneste å henta.



*Fiskedampskipet "Brisling" etter at båten vart kjøpt av skipsreiar Stange.  
(Foto frå Kjell Birger Sønstabø).*

Enkelte år var verre enn andre. I 1884 bles det opp til orkan i Øyafjord. 13 fartøy havarerte, og tre mann omkom. Skipsreiar Johan Thorsen, Haugesund, hadde fem båtar på Island det året. Han mista alle. Når det gjaldt fangstane, varierte dei også frå år til år. Rikt fiske og god fortjeneste det eine året kunne neste år gi null fortjeneste frå eit nærast svart hav.

Etter at Rudolf Diesel fann opp dieselmotoren i 1897, skulle denne motortypen bli den mest vanlege i fiskebåtar utetter første halvdel av 1900-talet. Dampmaskinar var enno i bruk, men var tungvinte og vart etter kvart bytta ut.

Vel heime i Noreg etter ein vellukka ekspedisjon til Island, måtte silda vrakast. Ein vrakar sette kvalitetsstempel på silda, og ut frå resultatet av dette vart prisen fastsett. Mykje av silda frå dei norske båtarne vart eksportert til Sverige.

### **Slutt på islandsfiske**

Utetter 1950- og 60-talet vart det gradvis slutt på islandsfiske, og eit gammalt og tradisjonsrikt fiske var historie. Silda kunne igjen fangast i store mengder langs Norskekysten og i Nordsjøen.

Fiskebåtarne vart etter kvart utrusta med kraftblokk, doryane vart avleggs og det moderne industrifiske var i emning.

### **Bømlabåtar på islandsfiske**

Eksempel på båtar som i 1931, det året "Brisling" forliste, deltok i islandsfiske frå søre Bømlo er "Trygvason" og "Peto". "Trygvason" hadde greidd å fylla 330 tønner og "Peto" 300. Ingen av desse båtarne hadde fyllt opp alle tønnene dei hadde med seg. "Peto" hadde t.d. 400 tønner med. Frå mange andre båtar vart det også rapportert at sesongen ikkje hadde vore den beste. Frå Espevær deltok "Enos".

"Bømlabuen" var blandt dei siste båtarne frå søre Bømlo som drog til Island på sildefiske. Siste turen gjekk så seint som i 1968.

### **Fiskedampskipet "Brisling"**

I året 1931 skjedde ein tragedie i dette fiske som fekk fatalt utfall for dei som var involverte. Haugesunds-båten "Brisling" forsvann på veg til Island. Verken båt eller nokon av mannskapet vart funne.

Dampskipet ”Brisling” vart bygd av J.C. Tecklenborg i 1892 i Geestemünde, ein bydel i Bremerhaven, Tyskland. Kontraktør var Gebrüder Thomas frå Hamburg. Som ny fekk båten namnet ”Elise”. Til framdrift fekk han sett inn ein 42 NHK Teklenborg dampmaskin. Lengde, breidde og djupne i fot var 106,5 x 20,8 x 9,9.

Etter 16 år i Tyskland vart han seld til Hilding Larsson i Gøteborg og døypt om til ”Anna”. I Sverige skifta båten eigar mange gonger og hadde i ein lang periode namnet ”August”. Etter alt å døma vart han i Sverige brukt til fiske og diverse fraktfart.

Tidleg på året 1930 vart så båten kjøpt av skipsreiar og kjøpmann Rasmus Stange i Haugesund. Namnet vart ”Brisling” og fiskerinummeret R-74-H.

### ”Brisling” til Island

Sommaren 1930 vart båten rusta ut for fiske etter sild ved Island. Dei tok då om bord 800 tønner. Turen vart ein suksess, og det vart bestemt at også i 1931 skulle båten til Island.

Etter som det gjekk så godt året før, ville ein no ta med seg endå fleire tønner. Under klargjeringa før avreise laga dei til ein stor galge på båtdekket bak styrehuset. Her vart det i hovudsak stabla tomtønner, men i botnen av galgen vart det òg gjort plass til 60 - 70 av dei 300 tønnene med kol dei hadde med seg. For å få plass til flest mogeleg tønner her, tok dei vekk davitane til livbåtane. Ein livbåt vart plassert på dekk.

Ein god del tønner vart fylte med salt. Offisielt var dette 300 stykke, men det verkelege talet var rundt 330. Så måtte dei ha med vatn, og dette utgjorde ca. 300 tønner. I alt tok ”Brisling” om bord rundt 900 tønner. Dei det ikkje var plass til i galgen eller i rommet vart plasserte på dekk. Tønnene var merka med bokstaven ”S” for Stange.

I tillegg til alle tønnene måtte dei ha med proviant, drivgarn og anna utstyr som skulle til under fisket. Tanken var at hadde dei mykje med seg då dei la ut frå Haugesund, kunne dei fiska lenge før dei måtte gå inn til land på Island for å proviantera og fylla vatn.

Med alt om bord hadde båten eit fribord på omlag ein fot. Med ein del av lasta plassert relativt høgt

oppe, vart båten rank og ustabil. Frå påliteleg hald har vi fått opplyst at ordførar i dåverande Bremnes kommune, Andreas Halleraker, var om bord i ”Brisling” like før han sette kursen mot Island. Han undra seg over at båten la seg litt over då han steig om bord. Båten var jo relativt stor, og Halleraker var ikkje spesielt tung. Det vert også sagt at om ein mann gjekk frå den eine sida av båten til den andre, kunne det merkast på stabiliteten. Nokre av mannskapet peika på dette, og meinte at båten ikkje var sjødyktig for ein tur til Island. Tilbodet ein då fekk var å gå i land, men dei som valde det, risikerte svartelisting, og dessutan var det alltid andre folk til å fylla plassen. Draumen om eit godt fiske og gode pengar låg i bakgrunnen og lokka, så det enda med at heile mannskapet vart med.

”Brisling” var assurert i Ålesunds gjensidige dampskibsassuransforening for 37.000 kroner. Utstyr, reiskapar etc. var assurert for 15.000 i selskapet Union i Bergen.

### Mannskapet

”Brisling” hadde ein besetning på 12 mann.

Skipper Helge Økland  
Båtsmann Ole J. Olsen  
Maskinist Carl J. Larsen  
Assistent Halvor T. Sunde  
Stuert John B. Ødegård  
Fiskar Hjalmar Apeland  
Fiskar Bernt M. Hestenes  
Fiskar Kristian Hestenes Grutle  
Fiskar Reinert M. Vold  
Fiskar Bernt Strand  
Fiskar Elias Emil Vestvik  
Fiskar Knut Buavik Vestvik

Mannskapet vert nærare presenterte lenger nede i artikkelen.

### Mot Island

Den 6. juli 1931 la ”Brisling” ut frå Haugesund med kurs for Island. Avtalen var at skipperen ikkje skulle melda seg for reiar før dei var framme, og fisket hadde kome i gang. Men båten melde seg aldri, og ingen andre båtar såg noko til han.

I dagane etter at ”Brisling” hadde forlate Haugesund, vart det meldt om ein veldig storm - opp mot orkan styrke i Nordsjøen og Norskehavet.

Båtar som kom ut for uvêret, t.d. "Sjøglimt" og "Br. Lothe" rapporterte om at "vêret var faretruende daarlig med oprørt hav". "Sjøglimt" mista ein del av dekkslasta i stormen. Andre båtar, som "Assistent" og "Vibran", gjorde vendereis på grunn av uvêret.

"Brisling" skulle under fisket ved Island samarbeida med dampskipet "Union", også frå Haugesund. Båtane skulle møtast på feltet på nordkysten av Island, og då fisket kom i gang skulle "Brisling" ta imot sild frå "Union". Men desse båtane kom aldri til å møtast eller ha kontakt med kvarandre etter avreise.

### **"Brisling" sakna**

Det faktum at båten ikkje let høyra frå seg som avtalt, medførde stor otte blant dei som hadde sine kjære om bord. Haugesundspressa begynte å interessera seg for saka, og i ein serie med nyheitsartiklar skreiv Haugesunds Avis om den sakna båten. Den 27. juli 1931 trykte avisa det første nyheitsoppslaget om "Brisling". Avisa prøvde tydelegvis å roa ned lesarane. Vi siterer nokre direkte utdrag av det som avisa skreiv om forliset den dagen.

### **Ingen grunn til engstelse for Haugesunds båten "Brisling". Skipet er gått til drivgarnsfeltet og der ventes først rapport fra det i løpet av uken.**

*Telegrammet om at dampskipet "Brisling" av Haugesund ennå ikkje var kommet frem til Island har forårsaket en del engstelse. Imidlertid synes det som også tidlegere meddelt ikke å være nogen særlig grunn til det. "Brisling" skulde nemlig til drivgarnsfeltet, og man holder det usannsynlig at opsynsskipet "Frithjof Nansen" skulde lete etter den på dette vidstrakte område især når den ikke var anmodet om det.*

*Årsaken til meddelelsen mener man er at der fra dampskipet "Union" som driver snurpefiske er forespurt hos opsynsskipet om man der har sett noget til "Brisling". Man hadde nemlig om bord i "Union" nogen pakker med til "Brisling" og man har antagelig funnet det som den letteste måte å få greie på hvor denne var, å spørre opsynsskipet. Således har meddelelsen fra dette og rapporten fått den foruroligende form.*

*Etter hva vi får meddelt venter man ennå ikke å høre noget til "Brisling" da den var rikelig utstyrt med vann, proviant og kull og skulde gå direkte til drivgarnsfeltet. Det tidligste man iallfall ventet å høre noget er en gang sannsynligvis når den går til land, for å få vannforsyning.*

Tre dagar seinare kan ein merka at tonen i Haugesunds Avis sitt avisinnlegg er meir alvorstungt. Ein peikar på at det har vore uvêr med storm i Nordsjøen, men understrekar at båten var godt utstyrt. Avtalen var at båten skulle gå heile vegen til fiskefeltet før han melde seg. Ein set vidare si lit til at oppsynsskipet "Frithjof Nansen" vil finna ut noko meir snart.

Torsdag 30. juli 1931 skriv Haugesunds Avis:

### **Man nærer nu alvorlig frykt for fiskedampskipet "Brisling"s skjebne. Skipet forlot Haugesund for 4 uker siden og har ennå ikke rapportert sig. Opsynsskipet "Frithjof Nansen" har ettersøkt skipet på fiskefeltet uten resultat.**

*Vår korrespondent på Island meddelte som man vil huske for en ukes tid siden, etter rapport fra opsynsskipet at haugesundsdampskipet "Brisling" ikke var kommet frem til fiskefeltet på Island. Der er nu gått 6 dager siden denne meddelelse forelå og rederiet har telegrafisk forespurt opsynsskipet "Frithjof Nansen" om nærmere meddelelse, og har som svar på denne henvendelse i dag mottatt følgende telegram datert 29. juli kl. 18: Hittil forgjeves ettersøkt dampskipet "Brisling" på feltet. Chefen for "Frithjof Nansen".*

*Etter denne meddelelse er det etter hva vi får medd. grunn til å være alvorlig frykt for "Brisling"s skjebne. Det er i disse dager 4 uker siden skipet forlot Haugesund, og den kom allerede straks etter at den var stukket til sjøs, ut i det voldsomme stormvêr som for en måneds tid siden gikk over Nordsjøen.*

*På den annen side opplyses at "Brisling" var usedvanlig godt utrustet, og meningen var at skipet skulde gå direkte på feltet for å begynne drivingen uten å rapportere sig.*

*Skipet hadde således ganske usedvanlig rik vannbeholdning, og når man erindrer at avgiften for å gå inn på Island er temmlig stor, er det ikke noget usedvanlig i at skipet kan ha holdt seg på feltet som nå spenner over et stort område. Det kann også være en mulighet for at skipet i stormvêret har fått maskinskader, og at det av den grunn driver rundt om på sjøen, uten å ha fått chance til å komme sig inn nogen sted. Det er således fremdeles håp om at skipet kan være i bra hold. Men man har som allerede nevnt grunn til å være frykt for skipets skjebne. Man kan vel imidlertid regne med at "Frithjof Nansen" vil fortsette undersøkelsene på feltet.*



## Alt håp ute

I vekene som følgde stod det mange innlegg i Haugesunds Avis om ”Brisling”. Vi kan ikkje ta med alle her.

Den 7. september 1931 kom så avisartikkelen som nærast slo fast at håpet om å finna ”Brisling” no var ute. M.a. skreiv avisa dette:

### **Håpet om at ”Brisling” muligens hadde vært i behold må dessverre nu oppgis. Politiet har på Skibsinspektørens anmodning optatt den vanlige forlisetterforskning.**

*Siden vi for en tid tilbake meddelte at fiskedampskibet ”Brisling” av Haugesund som var avgått til fiskefeltet ved Island var savnet og forgjeves ettersøkt av opsynskibet ”Fridtjof Nansen”, har man stillet sig avventende med å fastslå noget bestemt om skibets skjebne. Man har nemlig i det lengste næret håp om at tausheten omkring skibet kunde skyldes at det var kommet utfor et eller annet uheld f. eks. maskinskade og at det lå og drev i farvann hvor det ikke kunde rapportere sig. Men etter hvert som tiden har gått og nu etter at de siste islandsfarene er gått fra feltet, er håpet om å høre mer til ”Brisling” og dens mannskap blitt mindre og mindre, og de fleste pårørende har vistnok nu opgitt alt håp.*

*Da der også nu er fremkommet opplysninger som tyder på at skibets reder også anser det for forulykket, kan man vel dessverre ikke annet enn gå ut fra som det sørgelige faktum at ”Brisling” er forlist og at skibets 12 mann store besetning er omkommet. Skibet gikk fra Haugesund utklarert for islandsfiske i juli, og siden har man altså intet hørt fra det. Hvorledes ulykken er skjedd er der selvsagt ingen som kan ha nogen sikker formening om, men der er mange som holder til den opfatning at skibet har forlist under de sterke stormer som gikk langs Norskekysten i de dager da det gikk herfra.*

Det var no ikkje lenger snakk om at ”Brisling” kunne vera ein eller annan stad på fiskefeltet. Båten var å sjå på som forlist, og forliset vart ei sak for politiet og sjøfartsstyresmaktene.

Nokon leiteaksjon med båtar og fly frå Noreg vart ikkje sett i gang. Offisielt var det berre oppsynsskipet ”Frithjof Nansen” som dreiv ettersøking etter båten på fiskefeltet ved Island. I tillegg var andre fiskebåtar på utkikk etter båten etter kvart som ryktet spreidde seg om at ”Brisling” var sakna.

## Vrakgods

Mannskapet på fleire båtar rapporterte om vrakgods, både då dei var på veg nordover mot feltet og på retur til Noreg. M.a. hadde den unge fiskaren Magne Johannessen Sjøen på ”Rask” observert ei skipsluke som han meinte høyrde til ”Brisling”. Dette var 9. juli, altså nokre dagar etter at ”Brisling” gjekk frå Haugesund. Fiskaren hadde året før vore med ”Brisling” på islandsfiske, så han meinte han var heilt sikker i si sak.

Maskinist Ola Olsen på ”Argo” melde at søndag den 12. juli såg han ein del tomtønner drivande i sjøen. Tønnene var merka med bokstaven ”S”. ”Argo” sin posisjon skal då ha vore i Norskehavet på høgde med Færøyane.

Også båtar på veg tilbake frå Island observerte vrakgods i sjøen som kunne stamma frå ”Brisling”. Den 9. august såg manskapet på ”Nyving” ein del vrakgods 35 mil aust av Færøyane. Vrakgodset såg ut til å ha lege ei stund i sjøen.

I slutten av oktober månad 1931 dreiv ei tomtønne i land i Eltravåg. Tønna var merka med ”S”, og stamma etter alt å døma frå ”Brisling”.

## Lik i sjøen

Motorkutter ”Trygvason” frå Bømlø forlét Island den 11. august. Etter to dagars reise sørover såg kokken om bord, Andreas Mortensen, noko som flaut i sjøen. Han meinte det kunne vera eit lik. Om dette var tilfelle vart aldri stadfesta. Også andre båtar rapporterte om flytande lik i sjøen. Nokre av lika hadde livbelte på. Ingen av dei vart plukka opp, noko som var svært sårt for dei pårørende.

## Meir om manskapet

Dei som var med ”Brisling” hadde no status som omkomne. Nedanfor følgjer ein kort presentasjon av manskapet.

Skipper Helge Økland var opphavleg frå Økland i dåverande Valestrand kommune. Då forliset skjedde, var han busett i Stavanger. Han var gift med Ruth Sandsmark og hadde 8 barn. Helge Økland vart 40 år gammal.

Båtsmann Ole J. Olsen var frå Haugesund. Han var gift og hadde 5 barn. Ole J. Olsen vart 50 år gammal.



*Brudebilette av Helge og Ruth Økland, f. Sandsmark.  
(Foto frå Ruth Jacobsen).*

Maskinist om bord var Carl J. Larsen. Han var frå Haugesund, gift og hadde eitt barn. Carl J. Larsen vart 49 år gammal.

Assistent Halvor T. Sunde var frå Sunde i Kvinnherad. Han var enkemann og hadde 6 barn. Halvor T. Sunde vart 42 år gammal.

Stuert John B. Ødegård var frå Kristiansund. Han var gift og hadde to barn. John B. Ødegård vart 31 år gammal.

Fiskar Hjalmar Apeland kom frå Sveio. Han var gift og hadde to barn. Hjalmar Apeland vart 31 år gammal.

### **Dei av mannskapet som kom frå Bømlo / Grutle**

Bernt M. Hestenes vart fødd i 1896 i Hestaneset på Grutle. Foreldra var Martines Hestenes (Martin i Hestaneset) og Anna Elisabet Husa. Bernt var gift med Anna Sele frå Sele. Saman hadde dei tre døtrer; Anne (busett på Austlandet), Ingrid (busett i USA), Magnhild (busett i Haugesund og gift med politibetjent Nordvik). Bernt var fiskar og sjømann. Saman med Jakob og Lauritz Skiftesvik åtte han skøyta "Rapp" og lossementa "Nappen". Ei stund var han matros på rutebåten "Karmsund". Bernt hadde to søstre som vart gifte med to brør frå Eidesvik. Helene med Simon Eidesvik og Marie med Mathias Eidesvik. Han skal ha vore svært tålig og betenkt den siste helga han var heime før turen til Island med "Brisling". Det var som han kunne sjå for seg tragedien. Bernt vart 35 år gammal.

Kristian Hestenes Grutle vart fødd i 1912 i Hestaneset på Grutle. Foreldra var Godskalk Olai Nilsen Grutle frå Sørneset og Bertha Nilsen Grutle. Kristian var ugift. Han var fiskar om bord og vart 19 år gammal. For mora, Bertha, var tapet av yngste sonen ein katastrofe ho aldri kom over.

Reinert M. Vold vart fødd i 1913 på garden Vold, Bømlo. Foreldra var Rasmus Vold og Mathilde Vold, f. Grønnevik (Vikebygd). Reinert var ugift. Han var fiskar om bord og vart 18 år gammal.

Bernt Strand vart fødd i 1910 på garden Hovland, Bømlo. Foreldra var Johannes Strand og Bertha Sjursen. Bernt var ugift. Han var fiskar om bord og vart 20 år gammal.

Elias Emil Vestvik vart fødd i 1900 på garden Vestvik, Bømlo. Foreldra var Elias Vestvik og Valborg Eline, "Lina", Kalavåg. Elias Emil var gift med Gurianna Vold. Saman hadde dei barna Margit



*Bernt Hestenes.*



*Kristian Grutle.*  
*(Foto frå Einar Kallevåg)*



*Reinert Vold*  
*(Foto frå Martin Vold)*



*Bernt Strand.*  
*(Foto frå Anker Strand)*



*Elias Vestvik*  
*(Foto frå Robert Kallevåg)*



*Knut Buavik Vestvik.*  
*(Foto frå Lars Inge Vestvik)*

og Ernst. Gurianna hadde dottera Signe (Refvik - USA) med inn i ekteskapet. Elias var fiskar om bord. Han vart 31 år gammal.

Knut Buavik Vestvik vart fødd i 1912 på garden Vestvik, Bømlo. Han var bror til Elias Emil Vestvik som også omkom på "Brisling". Knut var ugift. Etter at "Brisling" forsvann, sprang mora, "Lina", stadig opp på haugane for å sjå om båten og sønene Elias Emil og Knut ikkje kom heim snart. Knut var fiskar om bord. Han vart 19 år gammal.

Saman med broren Lars hadde Elias og Knut motorbåten "Solid" til diverse fiske.

### **Dei som sat att Ektefellene**

Då ektemennene vart rivne bort, hamna hustruene som sat att i ein vanskeleg situasjon. Ikkje berre var det det forferdelege saknet av ektefellen, men òg suta for korleis det ville gå når det økonomiske livsgrunnlaget no var borte. Dette gjaldt ikkje minst Ruth Økland, kona til skipper Helge Økland, som no fekk forsørgjaransvaret aleine for 8 barn. I ein alder av 89 år vart Ruth (no gift Stangeland) intervju av eit menighetsbladet Kirketorget i Stavanger. Intervjuet vert i sin heilhet sitert her.

### **"Alene med åtte barn"**

*En av de eldste i menigheten vår er Ruth Stangeland. Hun er 89 år gammel og bor i en av trygdeleilighetene på Tjensvolltorget.*

*Kirketorget ber henne fortelle litt fra sin rike livserfaring.*

*– Den store forandring i livet mitt kom i 1931, forteller hun. Mannen min var sjømann, på veg til Island. I begynnelsen av juli forliste skipet utenfor Færøyene. Alle omkom. Men det fikk jeg ikke vite før det stod i avisen i slutten av måneden. Det var ferietid, og ingen prest eller klokker til å gi beskjed.*

*Der satt jeg igjen etter 16 års ekteskap med åtte barn, den eldste nettop konfirmert, de yngste, et tvillingpar, 1 1/2 år gamle.*

*Et brev jeg hadde sendt til mannen min, kom i retur fra Island. På baksiden stod det: Nabum 1,7. Jeg slo opp i Bibelen: "Herren er god, et vern på trengselens dag. Han tar seg av dem som tar sin tilflukt til ham."*

*Det var vanskelig å doye, men jeg fikk hvile i det siste: "Dem som tar sin tilflukt til ham". Han tok seg av meg da, og det har han gjort til denne dag.*

*Forsikringen jeg fikk, var på 90 kr måneden, til ni personer.*

*Jeg var uten far og mor og søsken, jeg hadde bare Gud. Men om næringsorgen kom, tenkte jeg på bibelordet: "Søk først Guds rike, så skal dere få alt det andre i tillegg". Det holdt. Han vet hva jeg trenger. Ingen gikk sulten til sengs en eneste dag. Jeg slapp å gå på forsorgen, det ville jeg ikke. Gud sørger for meg, og det takker jeg ham for hver dag.*

*Damen vi bodde hos, i Nymansveien – der var jeg i 52 år – var veldig gild. Hun ga meg ikke penger, det visste hun jeg ikke ville ta imot. Men hver julekveld lå det pakker med navn på baktrappa.*

*Høsten etter ulykken fikk jeg arbeid som rengjøringshjelp på Nylund Skole. Det ga 75 kr måneden. Så snart barna var voksne nok, måtte de også ut i arbeid. Alle vokste opp og har skikket seg bra. Tre av dem er kristne, de andre folder jeg hendene for.*

*Ruth Stangeland tar fram fra Bibelen et brev hun fikk fra en tante etter forliset. Det har hatt sin plass der i alle disse årene. Der er det trøstende ord fra Bibelen. Fem kroner var vedlagt.*

*I 1958 ble hun gift på ny, forteller hun, og hadde 16 gode år sammen med sin nye ektemann. Nå er hun enke igjen, men takker Gud for alt han har gitt, og gir hver dag. Bilde av seg ønsker hun ikke i bladet. Gud skal ares, sier hun, og kan dette hjelpe til med det, er det nok.*

### **Barna**

Å mista far sin i ei slik tragisk ulykke var sjølv sagt ei stor påkjenning for barna til dei som no var borte for alltid. Vi lar Ruth Jacobsen, dotter til skipper Helge Økland, representera dei 30 barna som no sat att med saknet etter ein far. Ruth Jacobsen er i dag 98 år gammal (2018) og bur i Haugesund. I eit intervju med henne den 1. februar 2018 fekk vi snakka med henne om den vonde tida etter forliset. Ho var 10 år då "Brisling" forsvann og har sterke minne både om faren og mora, forliset og den nære tida etterpå.

– Som ung yrkesaktiv hadde far ei skøyte han brukte til fiske og frakt. I 1915 gifta han seg med mor, Ruth Sandsmark. Etter om lag tre år som leigebruarar hos søster til far på Økland, bygde dei hus i Kopervik. I 1923 fekk han arbeid på kontoret i Stor- og Vårsildlaget si avdeling i Stavanger. Skøyta han hadde vart brukt til å frakta flyttelasset til Stavanger. Deretter vart ho seld. Far hadde tatt handelsskuleeksamen og ville no satsa på ein karriere i land. I alt fekk mor og far 8 barn, deriblant to tvillingpar. Eg vart fødd i Kopervik og var ein av dei to eldste tvillingane.

Men å leiga husvære for ein såpass stor familie var ikkje lett, difor ville Helge og Ruth gjerne kjøpa seg sitt eige hus. Dei hadde sett seg ut eit hus som var til sals i Godalen litt utanfor Stavanger sentrum.

– Det var lite pengar blant folk på den tida. Prisane på hus var høge, og løna som kontorarbeidar strakk ikkje heilt til. Difor bestemte far seg for å dra på islandsfiske for å tena nokre snare pengar til huskjøpet. Han fekk jobb som skipper på ”Brisling” og søkte permisjon frå arbeidet i Stavanger for å føra båten under fisket. Dette skulle visa seg å bli den siste jobben hans.

Kvar sommar reiste Ruth og tvillingsøstera Helga til Auklandshamn for å besøka bestemor og bestefar der. Dette skjedde også sommaren 1931. Mora var att i Stavanger og hadde no gjennom ein som arbeidde i Stavanger Aftenblad fått greie på kva som hadde hendt med ”Brisling”.

– Mor gav streng beskjed til bestefar og bestemor at dei ikkje måtte seia noko til oss jentene om at ”Brisling” var sakna. Ho skulle sjølv fortelja det til oss når me kom tilbake til Stavanger. Avisene dei abonnerte på vart gøymde for oss, me fekk ikkje ein gong bera dei heim frå postkontoret. Ein kunne jo aldri vita om det stod noko om forliset der.

Omsider var ferien i Auklandshamn slutt, og jentene var tilbake i Stavanger.

– Første kvelden etter at me var komne heim og hadde gått og lagt oss, kom mor og sette seg på senga og såg alvorleg på oss. Mor kunne då fortelja at ho hadde fått ein beskjed om at far ikkje ville koma heim meir for båten han var på var



*Familien til Helge Økland. Bak frå venstre: Ragnhild, Erna, Kari.  
Midten: Ruth, Helga.  
Framme: Ruth med Helge på fanget, Margoth, Helge med Edward på fanget.  
(Foto frå Ruth Jacobsen)*

forsvunnen. Ho trøysta oss med at Gud ville hjelpa oss så me kunne leva vidare. Men eg ville heller be Gud om at far måtte koma heim - han skulle koma heim...

For mor til Ruth var no det store spørsmålet korleis det skulle gå med økonomien til familien. Ho var ei sterk kvinne som gjerne ville greia seg sjølv. Pengegaver frå naboar etc. nekta ho å ta imot. Frå Rikstrygdeverket fekk ho 90 kr utbetalt i månaden, men for henne sjølv og dei 8 barna var dette for lite.

Men ein ting var den økonomiske suta. Ein annan ting var saknet av mannen. Ruth minnst at mora sa at hadde det ikkje vore for gutane (tvillingane på halvanna år) hadde ho aldri kome gjennom dette. Ho var nøydd å ta seg av dei - dei hadde bruk for henne kvar dag. Aller helst ville ho berre leggja seg ned og aldri stå opp att.

– Så fekk mor tilbod om vasking på Nylund skule. Denne jobben tok ho imot. Men kva skulle ho gjera med barna medan ho var på jobb? Ordninga vart at den eldste søster mi, Erna, måtte slutta på middelskulen for å passa dei minste. Nokre av dei andre syskena mine vart med på jobb. Ordet barnarbeid var lite kjent på den tida. Løna for vaskejobben var 75 kroner månaden. For å spe ytterligere på økonomien, tok mor arbeid på ein hermetikfabrikk om somrane.

Ruth hugsar godt at det var lite pengar i familien. Faren hadde teikna ein polise på oss barna, og ho minnst enno presset det var for å skaffa 50 øre som måtte betalast kvar veke for å oppfylla forpliktingane i samband med politen.

– Men vi gjekk aldri svoltne til sengs. Eg kan aldri hugsa at vi hadde for lite mat, men det var slett ingen luksus. Vi var òg alltid fint kledde, og kleda var reine og heile sjølv om mykje var sydd om og lappa på.

– Til min og tvillingsøster mi, Helga, sin konfirmasjon fekk mor utbetalt forsikringspengar på 300 kr. Me fekk då fine klede, og stod ikkje tilbake for nokon av dei andre konfirmantane.

På spørsmål om kva ho hugsar av faren svarar ho:  
– Far var lett, munter og kvikk. Han var ein svært god og snill far for oss barna.

Ruth måtte tidleg ut i arbeid, og fekk forskjellige jobbar i Stavanger. Skjebnen ville at ho trefte ein gut frå Auklandshamn, Jacob J. Jacobsen, som ho gifta seg med i 1942. Han dreiv med kvalfangst og frakdebåtar. Dei budde ei stund på Fagerland, men bygde så hus i Auklandshamn, på garden der Jacob kom frå. Dei fekk barna Rolf og Kjellaug.

I 1993 flytta Ruth og Jacob til eit husvære i Haugesund. Jacob døydd ei stund etter. I 2018 greier Ruth seg framleis aleine, men har noko hjelp og tilsyn.



*Ruth Jacobsen, dotter til Ruth og Helge Økland.  
(Foto: Bernt Emil Vika).*

### **Forliset for sjøretten**

Fredag den 9. oktober 1931 kom ”Brisling” sitt forlis opp for sjøretten i Haugesund. Retten vart administrert av dommarfullmektig Lie. Domsmenn var bestyrar Velde og skipsreiar Amundsen, begge sjørettskyndige. Skipsinspektør Brækhus var også tilstades i retten.

Det vart ført mange vitne, spesielt vart reiaren Rasmus Stange forhøyrd grundig og fleire gonger. Mange fiskarar som hadde vore på fiske ved Island sommaren 1931 vart også innkalla som vitne.

Innlasting av båten, den stand båten var i, båten sin stabilitet og kontroll av fiskefartøy generelt kom til å stå sentralt under rettsmøtet.

Skipsreiar Rasmus Stange forklarte at ”Brisling” vart innkjøpt av han for 1½ år sidan og hadde sjøkontrollen sitt fartssertifikat. Han tilbakeviste at båten var lasta feil på nokon måte. Han viste elles til at det var skipsføraren og bestmannen som hadde stått for lastinga. Stange understreka at rommet var stua fullt med tønner, og ikkje som det frå enkelte vart hevda at deler av rommet stod tomt og klart til lasting av ferdigfylte tønner.

Om redningsmaterialet forklarte Stange at det bestod av 3 livbøyer, ca. 20 livbelte, éin livbåt og éin færingsbåt.

Skipskontrollen sin tilsynsmann i haugesunds-distriktet, Severin Strand, forklarte seg deretter. Hans inntrykk var at "Brisling" var ein av dei best vedlikehaldne fartøya i byen. På spørsmål om skipskontrollen hadde plikt til å kontrollera fartøy før dei drog til Island, svara han at det ville bli eit uoverkommeleg arbeid. Dei drog ikkje på kontroll utan at dei vart bedne om det.

Teknisk besiktigelsesmann Oscar Olsen, Stavanger, sa i forklaringa si at "Brisling" var i førsteklasses stand. Reiaren sparte ikkje på noko for å halda båten i tip top stand. Han gjorde helst meir enn det han var pålagd, hevda han.

Styrmann Hans Franzen hadde vore med på innlastinga av "Brisling". I si vitneforklaring peika han på at båten sin bom vart brukt under dette arbeidet. Hadde båten vore rank, ville ein ha merka det under lastinga, hevda han.

Alle fagre ord om "Brisling" og lastinga så langt i rettsmøtet stod i sterk kontrast til vitneutsegna til Ida Larsen. Ho var kona til maskinisten om bord, og var



Dødsannonse Helge Økland.

krass i kritikken av både innlastinga av "Brisling" og lovverket om kontroll av fiskefartøy.

I eit referat i Haugesunds Avis frå sjøretten 10. oktober 1931 står det m.a.:

*Fru maskinist Larssen som hadde sendt et privat brev til skipsinspektøren, forklarte sig nærmere om hva hun hadde nevnt i dette om skibets lastning. Hun forklarte at hun og hennes mann hadde diskutert lastningen av skibet om lørdagen før avgangen. Og han hadde da sagt at det var svært lastet. Vidnet hadde senere snakket med rederen og hadde sagt at skibet var for meget lastet og at det aldri kom til å gå godt.*

*Vidnet vilde ikke komme med nogen som helst beskyldninger mot rederen, som hun visste hadde sagt lastingen fra sig. Men det hun vilde søke å opnå var at der kom en forandring i sjøkontrollavgivningen. Det var av interesse for byens flåte og sjøfolk at hun hadde reist kritikken.*

### Konklusjon

Resultatet av "Brisling" sitt forlis i sjøretten let venta på seg, men den 21. november 1931 hadde skipsinspektøren for Vestern- og Nordenfjellske distrikt konklusjonen klar. Denne sa m.a.:

*Skipsinspektøren finner at skibets besiktelsesdata var i orden og skibet godt vedlikeholdt. Nedlastingen antas forsvarlig (der var i 1930 innehatt en dødvekt av 164 t. pr. Skudenes – Göteborg). Stabiliteten kann intet uttales om, men et avklart sjøkyndig vidne som deltok i lastingen mener den var i orden, da han ellers vilde merket rankbet.*

*Forlisårsaken kann etter de nu erhølelige opplysninger ikke fastslås – bl. a. er der mulighet for at skibet er gått i land i tåke ved Færøyene og at situasjonen er blitt slik at livberge umuliggjordes. Saken må henlegges med forlisårsaken uopklaret.*

Ingenting ved konklusjonen tyder på at det vart lagt vekt på Ida Larsen sine innspel i sjøretten.

### Etterspel

#### Kritikk mot Haugesunds Avis

Som tidlegare nemnt trykte Haugesunds Avis ein serie med artiklar om "Brisling" sitt forlis. Enkelte lesarar syntest desse artiklane var sensasjonsprega og spekulative og ikkje tok nok omsyn til dei attlevande. Spesielt hadde Dagny Dalen, pårørande til ein av dei omkomne, sterke meiningar om måten avisa

framstilte stoffet på. I Haugesund Dagblad 6. august 1931 skreiv ho eit lesarinnlegg der ho m.a. skreiv; *Saa en annen gang naar det kommer lignende bud fra havet bør ikke avisen bruke dette som sesasjonsstoff som i dette tilfelle.*

### **Kritikk mot lovverket og sjøkontrollen**

Etter "Brisling" sitt forlis vart det frå fleire hald kritisert at det ikkje var noko godt fungerande lovverk om kontroll av fiskeflåten. Sjøkontrollen hadde inga plikt til å utføra kontroll med båtar som gjorde seg klar for islandsfiske. Difor kunne båtar som "Brisling" fjerna davitane og plassera livbåten på dekk der det var vanskeleg å få han ut i ein krisesituasjon.

Mellom kritikarane var Norges Fiskerlag som ville setja ned ein komité som skulle sjå på korleis kontrollen kunne skjerpast. I eit notat skriv fiskarlaget m.a.:

*I "Haugesunds Avis" har vi ved flere leiligheter pekt på at det ikke kann nektes at der i ganske store kredser i byen hersker en følelse av at kontrollen ikke er helt betryggende i alle henseender.*

Men den som kom med sterkast kritikk også her var enka etter maskinisten på "Brisling", Ida Larsen. I eit avisinlegg 30. november 1931 skriv ho m.a. fylgjande:

*Min mening med denne artikkel er en lov for fiskeskib; hadde en kontroll for disse båter vært effektiv, så hadde ikke grådige hav fått gjort en sådan rik høst som i dette tilfelle - hvad dette har vært for oss som sitter igjen og har mistet våre kjære, kann ikke forklares, kun erfares. Jeg er ikke i tvil om, at hadde alt vært i sjødyktig stand så tror jeg iallfall nogen kunde ha blitt reddet, for alle de lik som av forbipasserende båter blev observert hadde alle livbelter på. Så fryktelig det enn er å få sådanne budskap, så dog en trøst i sorgen, for jeg går ut fra - har de fått tid til å ta livbelter på, så har de også fått tid til et oppgjør med Gud, og dette er en stor trøst for oss som sitter igjen. Til dere som vil arbeide for en beskyttelseslov for våre sjømenn, og dere som skal gi loven; tenk ikke bare på de materialistiske verdiene, men også på evighetsverdiene for vårt farende folk på havet.*

### **Kritikk mot skipsreiar Rasmus Stange**

Kritikken mot skipsreiar Rasmus Stange gjekk i første rekkje på at dei pårørande ikkje på noko tidspunkt hadde fått informasjon om forliset. Dei hadde heller ikkje fått utbetalt den løna mannskapet hadde opparbeidd seg i tida dei var om bord. Ida Larsen viste styrke også i denne samanhengen, og tonen var

krass. I eit lesarinnlegg i Haugesunds Avis skreiv ho m.a. følgjande:

*Tilslutt ønsker jeg å ha uttalt i en paragraf i loven må bli sådan at eieren plikter å ivareta de pårørendes tarv. Der er ingen av oss etterlatte fra "Brisling" som har fått nogensombelst ophysning fra eieren, hverken om forliset eller oppgjør, det vi er kommet til kunnskap om har vi erholdt gjennom pressen.*

Stange svara med at heller ikkje han hadde fått anna informasjon om forliset enn det han hadde fått gjennom pressa. Når det gjaldt oppgjør, skreiv han at dette vil bli ordna så snart han sjølv hadde fått oppgjør frå assurandøren.

### **Sluttord**

Saka om fiskedampskipet "Brisling" sitt forlis har mange sider, og fortel mykje om samfunnstilhøve og tankegang på den tida forliset skjedde. Det er mest som eit drama i mange akter. Éi akt handlar om grådighet og éi om eit svakt lovverk som gav lite beskyttelse for mannskap på fiskefartøy. Ei anna akt handlar om lite støtte frå det offentlege, både økonomisk og menneskeleg. Ingen prest eller politi kom med dødsbodskap. Det vart aldri arrangert spesiell minnegudsteneste eller gravferd av noko slag. I dramaet kan ein òg ta med akter om svake arbeidstakarorganisasjonar og ansvarsfråskrivning.

Men i dramaet er det òg ei akt om sterke, modige og tapre kvinner som sleit for å få endane til å møtast, og som stod på for å gjera livet tryggare for fiskarane på sjøen i framtida.

Rasmus Stange kjøpte ny fiskebåt i oktober 1931. Denne hadde også dampmaskin og fekk namnet "Urter".

Verken Stange sjølv eller andre vart straffa for noko forhold i samband med "Brisling" sitt forlis.

Kjelder:

Kjellaug Jacobsen Vik  
Willy Mjånes  
Kristian Grutle  
Jon Bjarne Grutle



# Bedehuset på Espevær

Av Bernt Emil Vika / Trygve Eiken / Rolf Nesse

## Bakgrunn

Hans Nielsen Hauge (1771 - 1824), og det som vert kalla haugianismen, sette djupe spor etter seg over heile landet, også her i vårt distrikt. Forkynninga til Hauge var sterk, og målet var omvending til kristendomen på eit personleg plan. Men Hauge kunne ikkje utan vidare driva med forkynning. Han var heile livet hindra av Konventikkelplakaten, ei forordning utstedt av kong Christian 6. i 1741. Denne innebar at det var prestane som skulle stå for forkynninga. Lekfolk måtte halda seg unna den slags, og kunne bli arresterte om dei ikkje overheldt dette påbodet. Hauge måtte fleire gonger i fengsel for møteverksemd og forkynning.

18 år etter Hauge sin død, i 1842, vart Konventikkelplakaten oppheva. Det var då fritt fram for kven som helst å driva forkynning, og på den

måten dyrka fram det frøet Hans Nielsen Hauge hadde sådd. Hauge sine kristne oppbyggingsmøte hadde vore gjennomførte rundt om i heimane til folk. Forsamlingshus, anna enn kyrkjene, fanst ikkje. Men utetter andre halvdel av 1800-talet og framover 1900-talet, vart det bygt mange forsamlingshus både i byane og på landsbygda. I alt skal det vera rundt 3000 bedehus her til lands. Berre her i Bømlo kommune er det over 20 bedehus, og ein kan nemna at det som skal vera det eldste bedehuset i landet, Fridtun frå 1845, ligg i Langevåg på søre Bømlo.

## Espevær bedehus blir til

Opp gjennom historia ser ein gjerne at enkeltpersonar som ynskjer noko veldig sterkt kan ha ei stor gjennomføringskraft og få til det dei vil. Ein slik person var skulelærer Tormod Aksnes, f. 1869. I året 1900 vart han tilsett som lærar på



*Gammelt bilete av bedehuset på Espevær. Skulehuset til venstre og lærarbustaden til høgre.  
(Foto frå Per Arne Lønning)*

Espevær. Skulen på Espevær var frå det året av 2-delt, og Aksnes fekk ansvaret for den eldste gruppa. I tillegg til dei 10 vekene av skuleåret han hadde undervisning på Espevær, underviste han i krinsane Geitung og Hiskjo. Kona hans, Marie, var *"vikarierende lærerinde i folkeskolen"* slik det står i folketeljinga frå 1910. I 1909 vart Aksnes tilsett som lærar berre på Espevær. Skulen hadde då 34 elevar.

Ein kan nemna at skulehus på Espevær med skulestove, kammers og gang stod ferdig i 1897, og lærarbustaden i nærleiken i 1911.

Tormod Aksnes var ein sterkt kristen person, og såg klart behovet for eit bedehus på Espevær. I 1906 fekk han etablert eit interimstyre beståande av desse personane, alle unge og handlekraftige folk:

Tormod Aksnes, 37 år  
Lauritz Larssen, 39 år  
Thorvald Bie, 38 år  
Berner Garvik, 39 år  
Severin Tollevik, 34 år  
Albert Gundersen, 30 år  
Ola Størkson, 24 år (kasserar og skrivar)

Hovudmandatet deira var å samla inn pengar lokalt og å søkja om offentlege midlar. Elles skulle dei i alle samanhengar stå på for å få bedehuset bygt.

Dei gjekk fram på forskjellige måtar for å få inn pengar. Ein av måtane var å gå frå hus til hus på Espevær og be om pengegåver. Tormod Aksnes kunne innrapportera at den første som teikna seg på gåvelista hans var Anna Andersen, ei ung jente frå Austlandet som var i teneste hos Berner Garvik. Ho gav 1 krone, eit stort bidrag for ei ung tenestejente på den tida. Ein kan nemna at Anna seinare gifta seg med Lars Eiken og vart verande på Espevær.

På ein dag greidde Tormod Aksnes å samla inn 300 kroner, noko som var ein svært stor sum pengar på den tida.

Ein annan innsamlingsmetode gjekk føre seg under stor- og vårsildfisket. Då gjekk dei frå båt til båt med lister der båtar og notlag kunne teikna seg for eit visst beløp. Storleiken på bidraga her var for det meste mellom 2 og 5 kroner.

I tillegg til innsamling av pengegåver frå privatpersonar, søkte dei også om midlar frå det offentlege. Søknad gjekk til Stavanger Amt, Lister og Mandal Amt, Søndre- og Nordre Bergenhus Amt. Med bidrag frå Finnås kommune fekk dei inn 3.300 kroner.

Men enno mangla det ein del pengar før bedehuset var fullfinansiert. Ein måtte difor ut på lånemarknaden, og fekk til slutt innvilga eit lån på 2.500 kroner i Moster Sparebank. Men lånevilkåra var strenge. For å få lånet utbetalt måtte medlemene i byggekomiteen stilla som personlege kausjonistar. I statuttane som vart vedtekte for bedehuset stod det i § 7 at også nye medlemmer i bedehusstyret måtte godta desse vilkåra.

Når det gjaldt lokalisering av bedehuset var det om å gjera å finna ein stad så sentralt på øya som mogeleg. Dei samla seg om ei tomt på Peder Andreas Amundsen og kona Tobine sin eigedom. Verdien vart fastsett til 200 kroner, men grunneigarane gav tomta vederlagsfritt. Namnet på tomta vart *"Koren"*.

Då finansieringa av bedehuset var i orden, kunne bygginga starta. Dette skjedde etter alt å døma rundt årsskiftet 1906/1907.

Det var Berner Garvik som leverte materialar til bedehuset. Byggesummen var 7.000 kroner, og då skulle huset stå fiks ferdig med benkar både nede i salen og oppe på galleriet. Til transport av materialane brukte dei hesten som Peder Andreas Amundsen og Ola Størkson (Størk Størkson etter 1924) åtte saman. I tillegg leigde dei hest og mann frå Bømlo til hjelp med transporten. Espevær hadde på den tida berre kjerrevegar.

Berner Garvik hadde på slutten av 1800-talet og framover 1900-talet bygt seg opp som vellykka forretningsmann med mange bein å stå på. M.a. dreiv han med forskjellige fiskeri og selfangst. Han hadde også etablert ei trelastforretning i Garvika med trelastlager i første høgda og kontor og husvære i andre. Trelastlageret stod til 1967, då det vart rive.

I folketeljinga frå 1910 for Espevær kan ein lesa at det budde mange bygningsarbeidarar ved Svartesjøen på den tida. Desse hadde *"sedvanleg bustad"* andre stader, men vart likevel tatt med i folketeljinga under Espevær. Desse var Lauritz Fosse frå Etne, Oluf N.

Stautland frå Stautland, Peter Oldereid frå Oldereid, Knut Oldereid frå Oldereid, Rasmus Endresen frå Børøy og Erik Hidle frå Hidle. Ein må gå ut ifrå at nokre av desse var med på bygginga av bedehuset.

Bedehuset stod ferdig på ettervinteren 1908, og vart innvigd den 8. mars same året. Prost Jens Christian Thorvald Selmer stod for innviinga. I alt 600 personar møtte opp for å delta i seremonien, mange frå Bømlo, Bremnes, Moster og Haugesund. Fleire kom med helsingar og gåver.

### **Statuttane / lovene**

Me har funne statuttane for bedehuset, ei hendig lita trykksak laga av Eriksens Akcidenstrykkeri, Haugesund.

## **”Statutter for Espeværs Forsamlingshus”.**

### § 1

Forsamlingshusets bestyrelse består av:

- a) 4 av Espeværs befolkning valgte mænd.
- b) Et av Finaas herredsstyre valgt medlem.  
(etter hvert utgikk denne paragraf).

Bestyrelsen vælges for 2 aar ad gangen paa et møte, forut bekjendtgjort av formanden.

Bestyrelsen vælger formand, viceformand og kasserer, hvilke siste kan vælges utenfor bestyrelsen.

Til bestyrelse maa tages hensyn til, at det er mænd med kristelige interesser.

### § 2

Bestyrelsen har at dra omsorg for, at huset benyttes efter følgende regler:

- a) Det brukes fornemlig til samling om Guds ord, forkynt av mænd, der av bestyrelsen godkjends, og som bekjender sig til den apostoliske lutherske lære.
- b) Huset kan tillike benyttes til foredrag av forskjelligt indhold, og elles til møter med almenntilgitt formaal.

### § 3

Begjæres huset til oppbyggelse eller andre møter, utan at der er tid til at inhente bestyrelsens tillatelse, meddeles saadan av den mand bestyrelsen har git bemyndigelse, og hvis namn skal findes opslaat i læseværelset.

### § 4

Bestyrelsen drar omsorg for husets vedlikeholdelse, sørger for innsamling av penge, mottar og forvalter de indkomne bidrag og avlegger regnskab for kredsens hvert aar mellem jul og nytaar. Forsaavitt midlerne strækker til, bør de sørge for, at huset er oppvarmet under møter, og at der findes aviser utlagt i læseværelset mens fiskeralmuen er samlet.

### § 5

Til vederlag for at Finaas kommune har garantert husets bestandige vedlikeholdelse, har den ret til at benytte læseværelse som folkeskole eller fortsættelsesskolelokale utenfor fisketiden. (etter hvert utgikk denne paragraf).

### § 6

Huset holdes assurert. I tilfælde ildebrand skal bestyrelsen snarest mulig udbedre skaden eller bygge nyt hus. Den bør straks sammenkalde de stemmeberettigede til raadslagning om beste og billigste maate at bygge paa. Den kan vælge en bygningskomite eller sjølv forestaa husets opførelse.

### § 7

Den af forsamlingen valgte bestyrelse staar som selskyldnerkautionister for husets gjeld og gives pantesikkhed i huset, til gjelden er betalt.

### § 8

Huset som gjeldfrit tilhører Espeværs forsamlingskreds til ovennævnte bruk; ingen av dem eller efterkommere, der har ytet bidrag eller kommer til at yte bidrag til dette hus, skal have nogensomhelst eiendoms- eller arveret til same.

**T. Axnæs. L. Larssen. Kristian Larssen  
Severin Tollevik. B. Garvik.**

### **Møteverksemd og vekking**

Møta som vart haldne i bedehusa her i distriktet vart gjerne kalla oppbyggelsesmøte eller berre oppbyggelser. Ordet samling vart også brukt. Tormod Aksnes, Gabriel Garvik, f. 1827 og Severin Tollevik, f. 1869 stod for mange av møta i starten.

Tormod Aksnes vart verande på Espevær til han sa opp stillinga i 1920. Året etter vart Jan Herman Hermansen tilsett som lærar på Espevær.



*Postkort av Biekronå på Espevær. Bedehuset med skulen og lærarbustaden ser ein oppe til venstre.  
(Foto frå Rolf Nesse)*

Med nytt bedehus følgjer gjerne ei vekking. Så òg på Espevær. Gabriel Garvik (nemnt ovanfor) var ein sterkt religiøs mann. I nordre Garvika stod det ein såkalla "sjå" (tørkehus), og ved sida av denne låg der ein flat stein til å sitja på. Her sat Gabriel ofte med dei store nevane sine falda i djup meditasjon og bøn. Det høgste ynskje hans var at ei vekking skulle gå over øya, og at folket på Espevær skulle verta omvende til Kristus. I 1914 fekk han draumen sin oppfylt.

Det Norsk Lutherske Kinamisjonsforbund hadde ein evangelist som heitte Ivar Sollesnes. Han reiste heile livet som forkynnar, og i 1914, 33 år gamal, fekk han kall til å koma til Espevær. Berre etter nokre få møte her ute, fekk han eit brennande hjarte for øy-samfunnet. Sollesnes oppdaga at her var "døra open", ja, den stod på vidt gap. Skal tru om det ikkje var på grunn av Gabriel Garvik sine mange bønner for folket her ute? Ivar Sollesnes budde hos Ole Garvik. Ole var ikkje nokon kristen – og heller ikkje nokon andre i huset hans. Ivar fortalde: "Eg tala ikkje direkte til Ole Garvik og dei andre i huset om å søkja Gud, for det forstod eg ikkje ville føra fram". Søndag 6. desember hadde Sollesnes to møte,

og det var mykje folk. Veka etter heldt Ivar fram – "og mange overgav seg til Gud". 10. desember, etter møtet om kvelden, fylgde Ivar ekteparet Marie og Lauritz Larssen heim. "Eg talte med dei om Jesus – og det vart ei underleg bønestund – når dei ropte til Gud i lag med sine små".

Den 12. desember hadde dei lyst til bønemøte, og det var det første bønemøtet Ivar hadde i bedehuset. Bønemøtet vakte oppsikt. Spørsmålet låg i lufta: Kven kom til å gå på møtet? Fram mot kvelden fekk Ivar høyra at frå Ole Garvik sitt hus skulle ikkje nokon gå, for det var slik ei skam. Dei fleste som gjekk ville helst vera usedde. Dette ville Ivar prøva å gjera noko med. Han tok ein prat med Ole, for Ivar visste at han "var sterkt påverka av Guds ånd". Ivar og Ole samtala om ymse ting, men til sist leia Ivar samtalen inn på møtesamværa – og på det spesielle møtet som dei no skulle ha. Om ei stund såg Ivar på klokka, braut opp og sa; "No må eg gå, for no lid det til møte". Då Ivar gjekk gjennom døra, hørde han Ole Garvik ropa høgt til Nilsine, kona si: "Kom med kledna mine!" "Skal du på møte då?" spurde ho. "Ja, det skal eg", sa han. Ole tok ei stor lykt med seg, så kven som helst kunne sjå at det var han. Han hadde



*Severin Tollevik og kona Serine, her med barna Anna, Sara, (frå Severin sitt første ekteskap),  
Ingeborg, Sigrid, Andrea, og Gudrun.  
(Foto frå Lars Inge Vestvik)*

teke bestemmelsen, som han sa. Mange overgav seg til Gud, så det vart eit underleg møte den kvelden.

Gabriel Garvik fekk oppleva bønehøyring. Den eine etter den andre av dei han hadde bedt for kom med i vekkinga. Lauritz Larsen og kona, Reinert Holme og kona, og *”då han sjølv fekk sjå sonene sine, Berner og Ole, overgje seg til Gud var måli fylt for han, og 2 – 3 år etter reiste han heim til Gud (1917). Ingen har sett så djupe merkejer etter seg på denne staden, som gamle Gabriel Garvik”*.

Severin Tollevik (også nemnt ovanfor), var svigerson til Gabriel Garvik og ein varm misjonsvenn. Etter vekkinga i 1915 vart det skipa ei foreining for Kinamisjonen med Severin Tollevik som formann. I heimen til Severin Tollevik vart det folksamt – elleve born vart fødte der. Han åtte aleine eller saman med andre fleire fiskebåtar, m.a. ”Blue Bell” og ”Challenger”. Tollevik var ein dugande fiskar og ein føregangsmann på mange måtar. Tollevik og kona var svært gjestfrie. Lekpreikarane budde der,

ikkje berre ein dag eller to, men veke etter veke. I Kinamisjonen heldt han roren like til han var 80 år gamal. Den 1. juli 1939 vart han tildelt Kongens fortjenestemedalje i gull. Han døydde i 1957.

Folket støtta opp om bedehuset, og drifta gjekk fint. Dei som hadde gått med på å kausjonera for lånet hadde ingen grunn til å engsta seg. Allereie i 1916 var lånet nedbetalt, og huset gjeldfritt.

### **Bedehuset blir kapell**

Utetter 1920-talet var det mange på Espevær som meinte at bedehuset burde få kyrkjestatus. Ektepara Lauritz og Marie Larssen og Olga og Thorvald Bie var mellom dei som ivra sterkest for dette. Kyrkja til folket på Espevær låg på Vorland på Bømlo, og det var ikkje alltid like lett å koma seg fram dit. Espevørsundet var eit hardt havstykke å kryssa, dessutan var det langt å gå frå Eidesvik til Vorland. Thorvald Bie hadde båten ”Ekspress”, og denne brukte han lenge til å frakta kyrkjefolk over sundet.

Kampen for å gjera bedehuset til kapell vart krona med seier, og den 12. april 1931 vart bedehuset vigsla til kapell. Dette innebar at bedehuset no kunne brukast til kyrkjelege handlingar som ei ordinær kyrkje. To jenter vart borne til dåpen på vigsledagen; Sylvi Udal og Solveig Henriksen. Det meste av kyrkesølvet som no vart kjøpt inn til bedehuskapellet vart kosta av Lauritz og Marie Larssen.

I samband med den nye statusen bedehuset no hadde fått, var det påkravd med ein del ombygging. Lauritz Fosse, tidlegare nemnt under bygginga av bedehuset, utførte dette arbeidet. M.a. laga han altertavla, alterringen og sette opp talarstolen på venstre side når ein ser mot koret. I samarbeid med Julius Sørensen monterte han òg kyrkjeklokka. Fosse hadde no fast bustad på Tormodsæter, men når han arbeidde med bedehuset, budde han hos Maren og Knut Kristiansen.

### Preikestolen

I 1885 gjennomgjekk kyrkja på Vorland ein stor reparasjon. Nye benkar, døypefont, preikestol og alter vart sett inn. Den gamle preikestolen vart ståande utafor kyrkja i allslags vêr i lengre tid. Ei stund stod han i eit fjøs, men vart igjen kasta ut og vart liggjande under open himmel. Preikestolen var ei gåve til kyrkja frå Daniel Pedersen, sokneprest i Finnås 1598 - 1628.

Same året som kyrkja på Vorland var under reparasjon vart Ole Helgesen Vorland tilsett som lærar i krinsane Espevær og Vika. Det kom Vorland for øyra at preikestolen frå gamlekyrkja låg ute og var i svært dårleg forfatning. M.a. var malinga i ferd med å forsvinna. Vorland fekk då to elevar med seg og frakta preikestolen ut til Espevær. Her vart han grundig reingjort og tørka. Det var framleis mogeleg å sjå nokolunde fargane på malinga, og Vorland kjøpte dei fargane som måtte til for å setja i gang restaureringsarbeidet. Med pietet og stor nøyaktighet gjekk han til verket. Arbeidet tok lang tid, men då han var ferdig, var preikestolen som ny å rekna.

I mange år vart preikestolen stua vekk før han vart tatt i bruk som kateter på skulen. I 1931 vart han så sett opp i bedehuset der han framleis står.

Preikestolen har innskrifta 1621 både med romartal og vanlege tal. ANNO IC MDCXXI (år etter Jesus Kristus 1621). Elles står der m.a. SIDEV(S) PZONOBIS QVIS C ONTRA NOS (viss Gud er



*Ole Helgesen Vorland var lærar i Espevær, Tjong og Andal 1882 - 1919.*

med oss, kven er då mot oss) og SALVTEM TIBI PRECOZ (frelse ynskjer eg deg).

### Espevær Mannskor

Espevær Mannskor vart stifta i første halvdel av januar 1944. På dei første øvingane møtte 18-20 medlemmer. Neuman Tvedt var dirigent. Øvingane fann stad i bedehuset eit par gonger i veka. Enkelte øvingar måtte avlysast etter som mange medlemmer ikkje kunne møta på grunn av fiske o.l. Den første songen dei øvde inn var "Eg veit i himmelrik ei borg". Ved utgangen av 1944 hadde medlemstalet auka til 34.

Den 7. mai 1945 var det ei tilstelling i bedehuset der m.a. mannskoret opptredde. Krigen var då nett slutt, og tyskarane var i ferd med å flytta ut av dei husværa dei hadde disponert. Rolf Nesse minnest at mannskoret den kvelden song fedrelandssalmen "Gud signe vårt dyre fedreland", ei svært sterk oppleving for alle som var tilstades.

### Minnesteinen

Etter krigen vart det reist minnesteinar i kyrkjekrinsar der liv hadde gått tapt i motstandskampen mot okkupasjonsmakta. På Espevær var det bedehusstyret bestående av Torstein Hatlevik, Julius Sørensen og Lars Brekke som tok initiativ til å få reist ein minnestein over dei falne. Den 4. august 1946 vart steinen avduka av sokneprest Peter Robberstad.

Espevær hadde mista to unge menn i krigen. Desse var Reidar Kristian Andreas Nilssen, f. 19. juli 1912, d. 09. april 1941 og Knut Amundsen, f. 17. november 1923, d. 6. juni 1944.

Fleire detaljer om dei to som omkom følger etter denne artikkelen.

### Elektrisk straum

Elektrisk straum kom til Espevær i 1953. Men etter 2. verdskrigen hadde Anton Bie straumaggregat gåande. Bedehuset fekk straum frå Anton Bie sitt aggregat på Bie-kaien tidleg i 1947.

### Leseværelset

I periodar då sildefisket var godt, var det svært mange båtar og notlag som kom til Espevær for å driva fiske. Eit rom i hovudetasjen på bedehuset vart då innreia med møblar og utstyrt med bøker slik at dei fiskarane som ynskte det kunne koma dit og lesa. Leseværelset var også klasserom for 1., 2. og 3. klasse i folkeskulen. Klara Hermansen tok dette rommet i bruk til klasserom då ho kom til Espevær, og fram til den nye skulen vart teken i bruk. Framhaldskulen hadde tilhald her i periodane 1943 - 44, og 1947 - 48.

### Sommarmøte i 1950

Den 13. - 19. juli 1950 arrangerte N.M.U stort sommarmøte på Espevær. I programmet vert det slått stort opp at møtet skal finna stad på Espevær i Nordsjøen. Bedehuset var utgangspunktet for møtet, og mottoet "Men Gud kan". Leiar for arrangementet var pastor Thorleif Holm-Glad. Arrangementet var nok i utgangspunktet tenkt for deltakarar frå heile landet, men i programmet ser det ut som ein reknar med flest deltakarar frå Austlandet og Vestlandet. Innkvartering skjedde i



*Framhaldsskulen på Espevær 1947 - 48.*

*F.v. Karensen Larssen, Else Marie Larssen, Evehyn Fredriksen, Allis Larssen, Margot Haraldsen, Kjell Kristiansen, Anne Lise Eiken, Aud Garvik, Birgit Karlsen, Annemor Udal, Ruth Bie, Randi Størksen, Magnbild Størksen. (Foto frå Rolf Nesse)*



*Faksimile av invitasjonen til sommarmøtet 13. - 19. juli 1950. Lauritz Tønnessen har teke biletet på frmsida. (Frå Rolf Nesse)*

heimane på Espevær. Programmet for arrangementet var rikhaldig, med møte og bibeltimar, men òg utflukter m.a. til Moster og Haugesund. Ein av attraksjonane på møtet var forfattaren Alfred Hauge. For heile opphaldet på Espevær skulle deltakarane betala 30 kroner + 5 kroner i møtekontingent.

### **Vedlikehald og oppussing**

Dei fleste hus treng vedlikehald, oppussing og vidare utvikling. Dette gjaldt òg bedehuset på Espevær. I det følgjande skal ein ta med noko av det arbeidet som er utført på huset i løpet av dei siste 60 - 70 åra.

I 1953 vart det bygt nytt vedhus med toalett. Bedehusstyret søkte kommunen om 2.000 kroner til dette, men fekk avslag. Folket på Espevær bidrog med pengar slik at huset likevel kunne verta bygt. Etter ny søknad gjekk kommunen med på å yta 25 kroner for kvar gudsteneste som vart halden, til saman 150 kroner i året.

I 1969 - 71 vart det bygt nytt sakristi med bårerom under. Alf Amundsen stod for det meste av dette arbeidet. Han flytta òg talarstolen til høgre side av koret, og lavare ned. Tilbygget vart vigsla den 12. september 1971 av sokneprest Alv Sørheim og prosten i Sunnhordland.

I 1973 vart det kjøpt nytt orgel til bedehuset. Kommunen gav 15.000 kroner til innkjøp av det nye orgelet.

I 1979 vart det bygt nytt inngangsparti med garderobe og nye toalett. Rolf Nesse stod for både teikning av inngangspartiet og gjennomføring av arbeidet. Kort tid etter panelte han trappegangen opp. Det sistnemnde arbeidet vart finansiert av Tore Jan Sønstabø.

I 1981 vart det kjøpt inn nye møblar til lesesalen nede.

I 1982 gav Toralf og Alise Eiken 30 nye stolar til småsalen oppe.

I 1988 - 89 vart søre og vestre veggen restaurert. Johannes Garvik gav nytt kjøleskap til kjøkkenet. Her kan nemnast at kjøkkenet er utvida og modernisert.

I åra 1996 - 98 vart det skifta ut ein del vindaugo. Samtidig vart heile storsalen og galleriet malt. Sverre Årdal mfl. utførte arbeidet. All maling vart gitt av Tore Jan og Eva Sønstabø. I denne perioden vart òg branntavlene renoverte.

I 2000 vart austre langvegg restaurert.

I 2001 vart koret malt av kunstnaren Mike McGurk. Leif Georg Amundsen betalte for arbeid og maling. Ein kan òg nemna at Amundsen har kosta den store bronseklokka ved den nye gravplassen.

I åra 2002 - 2008, i tida framover mot hundreårsjubileet for bedehuset, vart det gjort store utbetringar på det elektriske anlegget. Ny tavle med automatsikringar vart installert og nye kursar kom i tillegg til dei eksisterande. I same perioden vart det montert naudstraumanlegg og teleslynge. Nytt orgel til ein pris av 53.000 kroner vart kjøpt inn til erstatning for det gamle. Ein lysglobe, laga ved Rubbestadneset Yrkesskule, kom òg til i denne perioden.

Etter 100-års jubileet har ein halde fram med oppussing og vedlikehald. I 2013 vart kledning og vindu i søre veggen skifta, samstundes som ein fornya taket. Skiferen vart lagt til side og ein la nye sutakspalter og papp. Deretter la ein skiferhellene tilbake. Nye aluminiumsrenner vart òg monterte. Alt arbeidet vart utført av byggmester Hans O. Larssen som òg hadde mange dugnadsarbeidarar med seg.

2015 fekk ein montert nytt kjøkken og fornya dette rommet, som er så viktig i mange høve.

Året etter var det yttergangen og trappa opp til småsalen sin tur til å bli fornya. Nytt golv og nytt golvbelegg vart lagt i gangen og nytt belegg i trappa. Alt vart malt i lyse fargar. Nye dører til hovedsal frå gang og leseværelse vart monterte. Trearbeidet vart utført av Hans O. Larssen.

Etter at den store vedomnen vart fjerna, har store panelomnar sytt for varme. Dei var no svært gamle og stod for utskifting. Nye moderne omnar og nytt leidningsnett for desse vart skifta i 2017. Det gjorde Los Elektro. Mykje utvendig maling vart utført.

Dette er ein del eksempel på arbeid som er gjort på bedehuset. Svært mykje av arbeidet er gjort på



dugnad av bygdefolket på Espevær. Men heller ikkje dugnadsarbeid er gratis. Materialar, utstyr og anna skal kjøpast inn. For å få til så mykje utviklingsarbeid har bedehuset vore heilt avhengig av private og offentlege pengegåver. Mange har gitt store summar, andre har bidrege med pengar i form av offergåver og kjøp av lodd på basarane.

### Hundreårsmarkeringa i 2008

Litt seint på året, den 24. oktober 2008, vart det arrangert hundreårsmarkering for Espevær Bedehus. Det vart ei fin markering med mykje innhald. Ein flott komité frå Espevær-folket ordna med alt det praktiske – ein fantastisk gjeng som verkeleg får ting gjort. Festen vart leia av Trygve Eiken og han hadde lagt opp det meste av programmet. Trygve las opp prolog som han hadde laga i høve festen. Det var mykje felle song og song av Fitjarbrørne. Formann for bedehusstyret Øyvind Larssen fortalte frå bedehuset si 100 års historie. Etter ein god matpause vart det synt lysbilder og fortalt litt misjonshistorie knytta til huset. Ordet var gjeve fritt og det var fleire helsingar m.a. frå Svein Nilssen, Johannes Vannes og Kåre Mæhle. Ei skriftleg helsing frå Liv Berit (Amundsen) Lund vart lest opp. Jubileumskollekten gav fantastiske kr. 20.000. Kaffi og kaker vart servert før sokneprest Gunnvald Bjortveit helt andakt. Øyvind Larssen delte ut blomar til Johannes og Gerd Mæhle for lang og tru teneste, til Arthur Pettersen for all innsats i søndagsskulen og til Anbjørg og Gunnhild Årdal for all innsats far deira la ned i bedehuset. Øyvind takka alle som støtta bedehuset og som kom på denne festen ca. 75 – 80 personar, trass i svært dårleg vêrmelding.

I jubileumsåret var styret; Øyvind og Inger E. Larssen, Målfrid Bie og Odd Nilssen, kasserar Inger Sofie Larssen og revisor Grete Larssen.

### Styret

Bedehuset på Espevær har, som andre bedehus, eit valt styre. Oppgåvene til styret er mange, m.a. å skaffa pengar til drift og vedlikehald, føra rekneskap, arrangere årsmøte med val, skriva årsmelding, administrera utleige av bedehuset til gode formål og fastsetja leigepreisar. På årsmøtet for bedehuset i januar 2018 ønskte Øyvind og Inger E. Larssen avløyning frå styret. Dei hadde då vore med sidan 2003, med Øyvind som styreformann alle desse åra. Det nye styret som vart valt på same årsmøtet er;

Formann Eva Sønstabø, kasserar Målfrid Bie Nilssen, styremedlemer Ellinor og Arvid Størksen, Ivar Larsen og Trygve Eiken.

### Lag og foreiningar som nyttar bedehuset til sine aktivitetar

Når det gjeld utleige av bedehuset, har det vore svært mange lag og foreiningar som har fått leiga huset. For 1911 kan me i protokollen lesa *”at det har varet ca 20 søndagsmøter utan tilreisende taler og et møte med sognepresten. Videre 10 møter for fiskeemissaren, 2 møter ved pastor Eidesvig, 1 møte ved pastor Moor for Tatermissionen, 1 møte for Santalmissionen og 4 møter for Den indre mission. Til saman ca 40 religiøse møter. Andre møter i 1911 har det varet for Espevær Avholdslag, Espevær Fiskeriforening, Espevær Assuransforening og Espevær Skipperforening. To kvindeforeningar har benyttet leseværelset til sine arbeidsmøter. Og i aarets løp har det blit holdt to basarer, en for Det Norske Missionsselskab og en for huset. Videre har det varet to fester, en medlemsfest for avholdslaget og en ungdomsfest. Bestyrelsen for huset har havt 5 møter”*.

Me kan ikkje gå meir i detalj, men nokre få kommentarar som seier sitt tar me med. Frå protokollen for 1914 står det: *”Det er saa vidt vites første gang at kvindelige talere har operert i huset. Lydia Amundsen, som talte avholdssaken, var den første”*. I 1915 står det i protokollen at det var ca. 130 religiøse møte. Utruleg stor møteverksemd.

Under hundreårsfesten for bedehuset i 2008, vart det opplyst at 16 misjonslag og foreiningar har leigt huset. Nedanfor følgjer omtale av nokre av desse.

Alt i 1904 var det ei kinaforeining i Espevær, truleg med Oleane Garvik som formann. Dei las frå misjonsbladet ”Kineseren”, og Oleane skriv: *”Under møtet beder vi om velsignelse for Kinas millioner og søger at støtte vore missionærer med en liden gave og med forbøn”*.

Den 21. september 1924 vart ”Espevær Indremisjonsforening” skipa. Emissær Endre Vestvik var med under skipinga. På møtet valde dei eit styre på to personar og to varamenn. Det første oppdraget dei fekk var å utarbeida lover for foreininga. Omlag 30 personar melde seg som medlemer den dagen. På eit nytt møte den 12. oktober supplerte dei styret med eitt medlem. Styremedlemene var då snikkar Lars Brekke (formann), fiskar Endre Olsen (varaformann) og disponent Berner Garvik (styremedlem).



*Espevær søndagsskule 1951.*

*(Foto frå Kåre Mæble)*

Helselaget vart stifta i 1924. Laget nytta bedehuset til årsmøte og diverse møte.

Tidleg på 1930-talet var det musikklag på Espevær. Dei brukte gitarar og fleire harpeleikar. I alt hadde musikklaget 20 medlemmer. Musikklaget brukte bedehuset til øvingslokale, og opptredde på mange arrangement.

I 1938 vart jenteforeininga "Havsula" stifta. Dei hadde med jamne mellomrom basar i bedehuset til inntekt for redningselskapet. Då jentene vaks til, vart dette ein vaksenforeining.

Foreininga Ytre Sjømannsmisjon vart skipa omkring 1947. Den første leiaren var Bertha Amundsen. Dei hadde som regel møter i heimane, men éin gong i året arrangerte dei "fest på kjerka" i bedehuset. Dette var eit svært populært arrangement, og mykje folk var samla. Alsvåg, Skogen og Misje var mellom dei som vart brukte til å halda andakt.

I 1947 vart Husmorlaget skipa. Også dette laget brukte bedehuset til sine aktivitetar. Olga Amundsen var første leiar i laget, deretter overtok Karin Tollevik.

Etter vekkinga i 1959 der emissær Olav Skjeggedal var sentral, vart det danna eit musikklag bestående av 30 medlemmer. Som instrument brukte dei gitarar, ein mandolin, orgel og trekkspel.

Av andre lag og foreiningar som nytta bedehuset forutan Det Norsk Misjonsselskap, Kinamisjonen seinare Misjonssambandet, Indremisjonen og Ytre Sjømannsmisjon kan m.a. nemnast: Finnmarksforeiningen, Samemisjonen, Santalmisjonen, Blå Kors, IOGT, og Den Indre Sjømannsmisjon.

I ein periode dreiv Fiskarlaget radiotelegrafkurs og rekneskapskurs for fiskarar.

Filmen om Shetlands-Larsen, "Shetlandsgjengen", vart vist i bedehuset hausten 1954. Filmen var då nett ferdig laga.

### **Søndagsskulen og Yngres**

Søndagsskulen har brukt bedehuset sidan 1942. Søndagsskulelærarar har m.a. vore Julius Sørensen, Johannes Mæhle (var søndagsskulelærar i 50 år), Maren Uddal, Lars Brekke, Toralf Brekke, Arthur Pettersen, Harald Løklingholm og Gunvor Amundsen.



*Eli Bie, Åse Paulsen Bersgvik og Brita Bergmål held orden på loddsalet. Frå basaren i 2017.  
(Foto: Bernt Emil Vika)*



*Når det gjeld gevinstar til basaren, er givargleda stor blant espeværingane.  
Talar på basaren i 2017 var Svein Bjarne Aase.  
(Foto: Bernt Emil Vika)*

Me trur at dei aller fleste barna på Espevær var med på søndagsskolen, og eit bilde frå 1951 syner at frammøtet var rundt 60 barn.

Harald og Gloria Løklingholm hadde yngresmøte for ungdom siste del av 1950-talet på litesalen oppe i bedehuset.

### Bedehusbasaren

Den årlege bedehusbasaren er svær populær. Heile bygda støttar opp om basaren, både ved å gi gåver og ved å kjøpa lodd. Her får ein servert saft, kaffi og kaker. Ein andakt er fast innslag i basaren. Sosialt samvær er viktig, og inntekta basaren gir er kjærkomen i bedehuset sin kasse. Totalt har desse sommarbasarane gjeve vel kr. 750 000 i brutto og med minimale utgifter og mange gevinstar frå mange basardeltakarar har det gjeve styret eit godt handslag. Bedehusstyret saman med dyktige medhjelparar har i desse åra gjort ein fantastisk innsats for bedehusbasaren.

### Sluttord

Mange bedehus rundt om i landet slit i dag med dårleg oppslutning, og i løpet av dei seinare åra er mange selde til privatpersonar. Med den oppslutninga bedehuset på Espevær har, er det vanskeleg å sjå for seg at noko slikt skal skje der.

Kjelder:

Anders Eide og Alfred Hamre: "Ivar Sollesnes – Sjelevinnaren"

Alfred Hamre: "Haugiansk frukt: Sunnhordland, Hardanger og Voss Indremisjonssamskipnad gjennom 100 år : 1864 - 1964"

Jakob Straume: "Kristenliv i Hardanger, Sunnhordland og Karmsund"

Kari Shetelig Hovland: "Bømlo Bygdebok III"

## Minnesteinen ved Espevær bedehus



*Minnesteinen for dei frå Espevær som fall i krigen vart avduka 4. august 1946.  
Sokneprest Peter Robberstad stod for avdukinga.  
(Foto frå Rolf Nesse)*

# Namna på minnesteinen

Etter som minnesteinen og bedehuset er plasserte så nær kvarandre, synest me det er naturleg å presentera dei som omkom i krigen, og såleis har fått namna sine på minnesteinen.



## Reidar Kristian Andreas Nilsen

Reidar Kristian Andreas Nilsen vart fødd og vaks opp på Holmen, Espevær. Foreldra var Sivert Nilsen frå Vestvik og Lovise Johannesdtr. frå Luten. Dei fekk bygsla eit stykke på søraustsida av Holmen i 1902 og bygde sjøhus der med våning oppe. Dei bygde også løy med fjøs. I tillegg til det som den vesle jorda gav, livnærte Sivert seg som fiskar og bøkkar. Sivert og Lovise fekk 9 born, 4 jenter og 5 gutar. Reidar var den yngste i flokken. Sivert døydde allereie i 1916, og Lovise laut slita hardt i mange år. Ho fødte to kyr, dreiv med baking og var "telefonistinde" på Bådehuset. Då Reidar var gammal nok til det, fekk han seg også arbeid på Holmen, som læregut hos J. Sørensen Mek. Verksted. Etter endt læretid reiste han til sjøs for å få fartstid i maskinen. Då han kom heim, reiste han til Haugesund for å gå på maskinistskulen.

I 1939 mønstra han på M/S "Sofie Bakke", Chr. Hålands rederi i Haugesund. Denne vart pårent og så mykje skada at den gjekk ned. Alle om bord vart berga.

Reidar mønstra så på M/T "Buesten" av Tønsberg. Denne båten var bygd ved Barclay Curle & Co i Glasgow i 1927 og var på 8100 dwt. Den 9. april, lasta med omkring 7200 tonn med bensin, var den i konvoi HX 115 utanfor kysten av Sør-England. Tyske fly gjekk til åtak og skaut båten i brann. Den forliste, og 28 mann omkom. 19 av dei var norske, deriblant Reidar Nilssen. Han vart 25 år gammal.



## Knut Amundsen

Knut Amundsen vart fødd f. 17. november 1923. Foreldra var Kaia og Amund Amundsen, Espevær. Dei hadde sju born, fem jenter og to gutar. Knut var nest yngst - sjå side 133 br.nr. 39 i bind III Bømlo Bygdebok.

Før Knut drog til England var han med faren og broren på M/K "Succeed" i råstoff-fart.

Den 1. desember reiste han med "Medina" til Shetland. (Sjå Leidarsteidn for 2006). Han melde seg til teneste i marinen og kom med der 17. desember 1941. Han gjekk rekruttskulen på Skegnes frå 22. desember til 24. februar 1942. Deretter var han i teneste på fleire jagarar, ein av desse var "St. Alban". Med denne var han med å eskortere 22 konvoiar over Atlanteren. Han var og med då tyske fly gjekk til åtak under ein eskortetur til Murmansk. Han kom så om bord i den heilt nye jagaren "Svenner" med kapteinløytnant Tore Holte som skipssjef og heiste kommando den 8. mars 1944.

Den 6. juni 1944, D dagen, var "Svenner" med under invasjonen i Normandie. Tre tyske torpedobåtar avfyrt torpedo nærast vilkårlig i vifteformasjon. Ein av dei treffe "Svenner" midskips slik at den brakk i to og vart ståande som ein V før den etter ei tid la seg over på sida og gjekk ned. 33 av mannskapet sette her livet til og blant desse var Knut, som sto på post midskips litt aktenfor skorsteinen.

# Tilbakeblikk på ein tragedie

Av Rigmor Eide

Etter at eg flytta til søre Bømlo, har eg høyrte mange historier blitt fortalt. Gjennom desse historiene har det vore svært interessant å få eit lite innblikk i korleis ein levde og hadde det før.

Ei av dei mest tragiske hendingane eg har høyrte om skjedde i familien eg gifta meg inn i, og etter mange oppmodingar skriv eg no historia om denne hendinga slik ho er blitt fortalt meg.

“Hatten” er ein gard her blitt kalla, eg kjenner ikkje opphavet til namnet. Nokon har fortalt at det var fordi ein haug her likna på ein hatt, mens andre meiner at det kom av at det i tidlegare tider budde ein kar her som heitte “Hatten” til etternamn. Som sagt veit eg ikkje dette.

Den første som busette seg her frå den familien historia handlar om var Østen Johnsen frå Åkrafjorden. Han var gift med Anna Håland frå Skånevik. Østen kom frå ein fjellgard, han hadde vore driftekar og handla med krettur. I følgje Bømlo Bygdebok står det om han at han var ein ”rektig jordmann” med seig arbeidskraft. Dei fekk 4 gutar og 2 jenter. Jentene døyde små. Alle gutane for til Amerika, men Amund, f. 1876, kom heim etter nokre år og kjøpte bruket i 1912.

Amund vart gift med Inger Olsdr. Eidestre, f. 1875.

Amund og Inger fekk 6 barn: Øystein f. 1913, Ingeborg (g. Askøy) f. 1914, Sigurd f. 1915, Oddmund f. 1916, Nils f. 1917 (USA), Ingrid (g. Askøy) f. 1918.

Etter far sin overtok eldste sonen, Øystein, jorda, men interessa for sjøen som arbeidsplass var større enn interessa for jordbruk, så han la ned drifta etter nokre år. Seig arbeidskraft hadde han også.

Men det var dei to yngre brørne hans, Sigurd og Oddmund, eg hadde tenkt å skriva om her. Dei døyde i 1934 og 1935, begge 19 år gamle. Sigurd fekk ein forferdeleg skjebne.

Desse to gutane hang alltid saman som erteris. Dei likte å jakte sjøfuglar og brukte robåten til å koma seg ut i øyane - slik dei også gjorde denne dagen, den 18.11.1934 då dei rodde ut i Nordøyane.

Jaktinteressa var stor, og Sigurd var ein særst god skyttar. Dei skulle i land på ei av øyane, Sigurd bar børsa. Då han hoppa ut av båten, gjekk skotet av og trefte han rett i hovudet. Det var ingen sikring på geværa i den tida.

Me kan alle tenkja oss korleis denne grufulle opplevinga vart for den yngre broren, men me kan likevel aldri setja oss inn i det. Han rodde heimover med den skamskotne broren i båten så fort han greidde. Då han kom til Eidesvik, var nok kreftene oppbrukte, men sjokket var nok likevel det verste. Asselina i Vikjo oppdaga han og fekk tak i hjelp. Dette er blitt meg fortalt av folk der ute.

Påkjenninga denne broren opplevde må ha vore det verste eit menneske kan oppleva. Han pådrog seg seinare lungebetennelse, sannsynligvis som ei følgje av hendelsen. Han døyde av dette i 1935, 19 år gammal.

Ingen kan vel heller setja seg inn i korleis dette vart for foreldre og søsken. Ingen krisehjelp i dei dagar. Kor fekk dei styrke frå for å gå vidare i livet?

Etter som desse gutane var så interesserte i jakt, fanst det mange gevær på garden. I etterkant av ulykka gjekk far deira ut på jordet, ingen veit kor, og grov ned alle børsene. Det var nok fordi ingen seinare skulle bli minna om den grufulle tragedien.

Det vart seinare snakka svært lite om dette, det vart nok fortrent for å sleppa å riva skorpa av såret. Ein måtte leva vidare!

Det er mangt og mykje som har skjedd her i bygda opp gjennom åra, dette var no litt av bygdas historie.

Den tragiske jaktulykka vart omtala i fleire aviser. Eg tar her med to avisoppslag.

Arbeiderbladet  
21. november 1934:

### Ung mann drept ved vådeskudd.

*En trist jaktulykke er inntruffet i Espevær i Bømlo. To brødre, sønner av Amund Eide, var ute på alkejakt. De var gått i land på en holme, den ene av brødrene bar det ladde gevær. På en eller annen måte gikk skuddet av og han fikk ladningen i hodet. Han døde før broren fikk ham om bord i båten. Den forulykkede var i 20-årsalderen.*



*Sigurd Eide, 19.04.1915 - 18.11.1934.  
(Foto frå Rigmor Eide)*

Nordisk Tidene (USA)  
20. desember 1934:

### Vaadeskudd

*Forleden inntraff en trist hendelse i Espevær, idet en ung mann, Sigurd Eide, blev drept ved vaadeskudd under alkejakt. Om formiddagen var han og broren rodd ut til Nordøyene. De gikk i land paa øyene. Da de skulde om bord igjen, skjedde en ulykke. Med det samme Sigurd, som gikk med geværet i haanden, hoppet i baaten, gikk skuddet av og traff ham i hodet. Han falt om med det samme, og døden inntraadte momentant. Den forulykkede var sønn av Amund Eide og var en meget avholdt ung mann (19 aar), som var kjent som en særlig god skytter.*



*Oddmund Eide, 16.09.1916 - 17.09.1935.  
(Foto frå Rigmor Eide)*

Kjelder:  
Kari Shetelig Hovland:  
Bømlo Bygdebok III

# Redningssskøytebygda?

## Det var Langevåg, det!

Av Nils Henning Vespestad

I det maritime miljøet var Langevåg i nokre år rundt årtusenskiftet synonymt med redningsskøyta. Og det starta bra, med ein festdag utan sidestykke då «Nils C. P. Aure» klappa til kai for første gong.

– Det var noko heilt spesielt med Langevåg. Det er ikkje alle stader ein blir så godt motteken, fortel den røynde redningsskøyteskipperen Ivar Karoliussen vel 23 år seinare.

*«Ein skulle tru det var 17. mai-feiring i den søre delen av kommunen vår i går ettermiddag. Det norske flagget var heist til topps, Hillestveit skulekorps spela, og folket var på plass – ja, til og med sola glotta så vidt fram for å minna oss på at våren endeleg er komen»,* skreiv Bømlo-nytt onsdag 12. april 1995.

Dagen før vart Redningsselskapet sin stasjon i Langevåg offisielt opna. Den tidlegare redningsskøyta «Adele» kom rett frå verkstad i Risør, der den vart forlenga frå 48 til 53 fot. Skøyta hadde skifta namn til «Nils C. P. Aure», og om bord var eit mannskap på tre; Ivar Karoliussen, Bjørnar Solsem og Torbjørn Eggesbø.

Både Bømlo-nytt og konkurrenten BTB fortalte om stor stemning og mykje folk på den gamle ferjekaien inst i Langevåg då skøyta klappa til kai. Ordførar Annemor Jensen sto i spissen for velkomstkomiteen. *«Eg vil ynskja Redningsselskapet og båten med mannskap velkomen, og eg vil seia at me er veldig glad for at redningsskøyta no er på Bømlo. Me lever i en kystkultur, og for alle som har yrket sitt på sjøen, og ikkje minst deira pårørande, har me alle ein angst i oss for kva som kan skje når stormen rasar*



*Redningsskøyta «Nils C. P. Aure» sig inn Langevåg for aller første gong, og styrmann Torbjørn Eggesbø har fortøyingstauet klart. På kaien ventar ordførar Annemor Jensen og teknisk sjef Ola Stavland, samt eit stort oppbud andre bømlingar.*

*(Foto: Bømlo-nytt)*



som verst. Redningsselskapet har lange tradisjonar langs kysten, og eg vil ynskeja lykke til med arbeidet for å redde liv og eigedom», sa Jensen i talen sin, ifølge Bømlo-nytt.

Distriktssekretær Bjørn Amundsen i Redningsselskapet sette stor pris på den flotte mottakinga: «Me er alle svært glade for at folket i Bømlo, og Langevåg spesielt, troppa opp på denne måten. Eg kan faktisk ikkje bugsa at nokon av våre båtar har blitt mottekne så flott nokon gong», sa Amundsen til BTB.

Vel 23 år seinare stadfestar skipper Ivar Karoliussen dette på telefon frå Røst i Lofoten, der han bur:

– Det eg hugsar, var at det var eit svært oppstyr og mykje folk på kaien då me kom inn med skøyta. Det som framleis sit igjen, var at folket i bygda var veldig greie med oss. Me hadde det heilt topp der, fortel Karoliussen – i dag 62 år gammal, og i jobbveken sine skipper på RS 106 «Skuld». Skøyta har heimehamn i Bodø, og dekkjer området ned til Helgeland.

### RS-soga i korte trekk

Redningsselskapet (RS) vart stifta i 1891, under namnet Norsk Selskab til Skibbrudnes Redning (NSSR). Eilert Sundt hadde 30 år tidlegare lansert ideen om eit norsk redningsvesen på sjøen, og viste til at mellom 700 og 750 personar – årleg! – hadde mista livet i uhell og havari på sjøen i perioden 1846 til 1855. I boka «Fra seil til vannjet. Historien til redningsskøyten» frå 2002, skriv Bjørn Foss at det endelege initiativet til stiftinga kom frå grosserar Heinrich Scheller i eit møte i Kristiania Kjøbmandsforening, etter ei rekkje forlis vinteren 1888-89. Ein komité vart sett ned, og 9. juli 1891 vart selskapet ein realitet.

Den første redningsskøyta fekk namnet RS 1 «Colin Archer», og vart levert frå verftet til Colin Archer i Larvik hausten 1893.



Ola Stavland (til høgre) assisterer Torbjørn Eggesbø med fortøyinga av redningsskøyta. (Foto: Bømlo-nytt)



Bygdepolitikar Jens Bauge (frå venstre), distriktssekretær Bjørn Amundsen i Redningsselskapet og ordførar Annemor Jensen. (Foto: Bømlo-nytt)

RS står for redningsskøyte, og talet er nummeret i rekkja av skøyter. Vidare i denne artikkelen brukar me både namn og nummer. Den første redningsskøyta vart stasjonert i Finnmark. Same år vart også RS 2 «Langesund» og RS 3 «Tordenskjold» teken i bruk. RS 4 «Feie» følgde på i 1894, og var lenge stasjonert på Karmøy og dels på Utsira. Dette vart dermed første gong ein kunne sjå ei fast redningsskøyte i vårt område. Også RS 3 «Tordenskjold» var innom Karmøy i ein periode i 1895.

Boka frå 2002 har ein komplett oversikt over skøyter, stasjoneringar og førarar frå starten og fram til dette året. Her går det fram at det i fleire rundar har vore stasjonert redningsskøyter i vår region, og då først og fremst i Haugesund og Skudenes/Karmøy. Heile lista ser du til slutt i artikkelen.

Sett med bømblaugo er det mest interessant at RS 38 «Biskop Hvoslef» opererte med Espevær som base delar av fridomsåret 1945. Det same gjorde RS 27 «Oscar Tybring II»/«Vadsø» delar av 1946, før RS 34 «Haugesund»/«Kristiansand» gjorde det same i 1947. RS 40 «Frithjof Wiese» hadde Espevær som heimehamn deler av 1950 og 1953, medan RS 45 «Christian Børs» var innom fleire gonger i åra 1951-52 og 1960-61. I 1981 vart dessutan RS 93 «Arib» flytta frå Askøy til Espevær. I november 1981 skreiv Bømlo-nytt at Espevær denne hausten hadde fått ei fast stasjonert redningsskøyte, etter at Redningsselskapet måtte gje opp stasjonen i Skudeneshavn av økonomiske grunnar. «Dette er ei fast ordning frå vår side, fordi vi fann ut at stasjonen på Espevær ville ligga meir midt imellom stasjonen på Fedje og stasjonen i Eigversund. Vi er svært godt nøgd med den ordninga vi har fått til i Espevær», sa skipsinspektør Jahn Ydalous i Redningsselskapet.

Redningsskøyta hadde base på Baadeholmen, og eit lokalt stand by-mannskap på fire fordelt på to skift. Skøyta skulle ifølge lokalavisa assistera fiske- og fraktebåtflåten. I tillegg hadde kommunen fått tilbod om at skøyta kunne inngå i den lokale oljevernberedskapen, samt nyttast til sjuketransport.



*Ei fint pynta redningsskøyte på plass i si nye heimehamn ved den gamle ferjekaien i Kåso. (Foto: Bømlo-nytt)*



*Administrasjonssjef Sverre Olav Svarstad (til venstre) og maritim sjef Lars Spildo i Redningsselskapet om bord på «Nils C. P. Aure». (Foto: Bømlo-nytt)*

Oversikta frå 2002 viser at RS 93 «Aril» også var innom stasjonen Haugland i 1981. Året etter er skøyta oppført med tre heimehamner i lengre eller kortare tid: Espevær, Bakkasund og Skjernøy.

Ifølge Bømlo-nytt sitt arkiv låg for øvrig RS 55 «Olav Østensjø jr.» i opplag på Espevær ein periode hausten 1981, etter å ha blitt tatt ut av aktiv teneste ved stasjonane i Havøysund og Honningsvåg. Denne skøyta er no i privat eige i Haugesund, og ligg til dagleg til kai i Smedasundet.

### Valet vart Langevåg

Hausten 1994 vart igjen Espevær lansert som ein mogleg stad å stasjonere ei redningsskøyte. Redningsselskapet hadde bestemt at RS 100 «Ægir» skulle stasjonereast i Bømlo kommune i løpet av hausten, skreiv Bømlo-nytt 30. september. Den eksakte staden var ikkje bestemt, og Espeværprosjektet kasta seg inn i kampen om å få bli vertskap. Men ein nådde ikkje fram: 13. februar 1995 skreiv Bømlo-nytt at RS 101 «Adeler» skulle stasjonereast i Langevåg frå 1. april det same året. Dette er skøyta som skifta namn til «Nils C. P. Aure» straks før båten sette kurs mot Bømlo, etter forlenging og klargjering. Seinare vart 1. april til 11. april – den flotte vårdagen då redningsskøyta altså la til kai i Langevåg for første gong.

Den nye stasjonen sør på Bømlo fekk ansvaret for havområda mellom Egersund og Austevoll. Dette styrka sjøberedskapen på heile sørvestlandet, og erstatta langt på veg sommarstasjonen som Redningsselskapet tidlegare hadde hatt i Haugesund. Maritim sjef i Redningsselskapet, Lars Spildo, forklarte plasseringa slik overfor Bømlo-nytt: «Ut frå våre vurderingar, samt ein henvendelse frå Hovedredningsentralen på Sola, såg me eit behov for å ha ein



*Blide barn nytta høvet til å sjå seg om om bord på redningsskøyta den første dagen. Frå venstre: Åsbild Tveit, Håvard Tveit, Geir Olav Stensen og Ailin Stensen. (Foto: Bømlo-nytt)*



*Ein stolt Lars Spildo (frå venstre) i Redningsselskapet saman med det første skiftet på «Nils C. P. Aure»: Ivar Karoliussen, Bjørnar Solsem og Torbjørn Eggesbø. (Foto: BTB)*

*utrykkingsbåt stasjonert her på Langevåg. Så det vil no bli god dekning i Hordaland, og fyrst og fremst Sunnhordland».*

BTB skreiv at Spildo sjølv hadde vore med på å velje ut den nye stasjoneringsstaden, og han nytta høvet til å rosa Bømlo kommune for eit einestående samarbeid og positiv oppfølging. Han fortalte om ein glimrande kaiplass med straum, telefon og vatn. Mannskapet om bord fann seg også godt til rette i bygda, reint sosialt. Dei fastbuande var flinke til å stikka innom på ein kaffikopp.

«Sjolv om me berre har vore her i nokre få dagar, har me alt fått god kontakt med folket på Langevåg. Me set stor pris på at dei kjem om bord og vitjar oss, framande som me jo er her i kommunen», sa skipper Ivar Karoliussen til BTB litt seinare den same månaden.

### Frivillig arbeid

Nokon som gledde seg over å få ei fast redningsskøyte på Bømlo, var dei lokale eldsjelene som år etter år hadde samla inn pengar til Redningsselskapet. I spissen for desse var Bømlo Redningsforening, som vart stifta seinhausten i 1951.

– Me syntes det var voldsomt kjekt då skøyta kom. Det betydde mykje for oss. Så det var ein stor dag, minnst Martha Vika. Ho leia foreininga i 1995, og hadde allereie lang fartstid.

– Redningsselskapet låg hjarta mitt nær. Me budde jo i havgapet, og då vart det til at me blei med i foreininga, fortel ho.

Norge var og er ein sjøfartsnasjon, og mange jobbar på havet eller nyttar båt til rekreasjon. Dette kan forklara at Redningsselskapet har engasjert så mange gjennom mange år. For Redningsselskapet står sterkt langs heile kysten, og svært mange frivillige foreiningar legg ned mykje arbeid for å samla inn pengar til drifta. På Bømlo var det til dømes registrert ni lokale foreiningar då selskapet feira 90-årsjubileum seinhausten 1981. Jubileet vart markert også i lokalavisa, som vitja den eldste og yngste foreininga, høvesvis Havsula på Espevær og Sjøfararen på Innvær. Pressetalsmann Kjell Gabrielsen i Redningsselskapet opplyste at det var 1200 redningsforeiningar over heile landet, og karakteriserte arbeidet deira som ei livsnerve i selskapet.



*Redningsskøyta «Aril» til kai på Espevær sommaren 1982.  
På kaien står skipper Odd Nilssen.  
(Foto: Bømlo-nytt)*



*Redningsskøyta «Olav Østensjø jr.» i opplag i Espevær hausten 1981.  
(Foto: Bømlo-nytt)*



*Skipper Ivar Karoliussen om bord på redningsskøyta «Nils C. P. Aure». Han minnst med glede tida med base i Langevåg.  
(Foto: Bømlo-nytt)*

13 og eit halvt år seinare la altså redningsskøyta til kai i Kåso. Plutselig var Bømlo Redningsforening nesten som vertskap å rekna. Martha Vika fortel om fleire vitjingar om bord, og ho fekk også vera med skøyta på tur. Elles har ikkje kvinnene i foreiningane – for dette er kvinnene sitt domene – gjort så mykje ut av seg. I den tjukke boka «Fra seil til vannjet. Historien om redningsskøytene» er redningsforeiningane knapt nemnde. Lokalt har redningskvinnene stort sett vore i avisa i høve jubileum eller ved overrekking av sær store gaver, som då dei ni damene i St. Hans leverte overskotet på 20.000 kroner frå vårbasaren 2015 til sjøredningskorpset på Stord. Elles finn ein mange kunngjeringar om redningsbasarar kring i kommunen, og ein og annan notis om kor mykje ulike foreiningar har samla inn.

Det er litt uklårt kor mange redningsforeiningar det alt i alt har vore i Bømlo opp gjennom åra. Utgangspunktet må vera dei ni som vart nemnd i Bømlo-nytt hausten 1981, medan formannskapet gjekk ut frå talet seks i eit seinare omtala brev i 1999. Talet åtte vart nemnd då redningsforeininga St. Hans på Goddo hadde sin siste redningsbasar i haust.

No ved årsskiftet vert foreininga historie, som den siste i Bømlo. «Personleg synes eg at det er trist. Men det er ei tid for alt», sa styreleiar Iren Tørgset til Bømlo-nytt. «Redningsforeiningar som vår er ein utdøyande art, og me har drive på så lenge me har klart. Eg synes det er godt gjort at me har halde ut så lenge», sa ho.

I sør hadde Bømlo Redningsforening sitt siste arrangement under Kystsogedagane i august 2011, få månader før sin eigen 60-årsdag, medan søsterforeininga Havgapet på Langevåg fekk eit mykje kortare liv. Denne foreininga vart stifta i 1998.

### **Fekk eigen nøkkel**

På telefon frå Lofoten skryt Ivar Karoliussen av det gode tilhøvet til folket på søre Bømlo. Han trekkjer særleg fram leiinga i Eidesvik-reiarlaget, samt dåverande drosjeeigar Alf Helge Stavland. – Og rektoren på skulen var veldig grei og hjelpsam. Me fekk nøkkel til gymnastikksalen, og kunne trimma når me ville. Det hugsar eg godt. Folk stolte på oss, og det var heilt topp å vera i Langevåg, minnst Karoliussen.



Det var Liv Olson som var rektor på Hillestveit skule den gong. Fleire elevar på skulen sette også spor, og Karoliussen fortel at mannskapet fleire gongar fekk servert mat frå skulekjøkkenet.

– Dette sit igjen framleis. Folk var veldig greie med oss. Me fekk veldig god kontakt med folk. Det var noko heilt spesielt med Langevåg, for det er ikkje alle stader ein blir så godt motteken som der, seier han.

Ivar Karoliussen har bak seg nærare 40 år i Redningsselskapet, og tippar sjølv at han har jobba på rundt 30 redningsskøyter i løpet av desse åra. Han byrja på «Adeler» i 1991, men hadde altså ein forlenga og langt på veg ny båt med seg til Bømlo – med det nye namnet «Nils C. P. Aure».

– Eg gløymer aldri dei åra me hadde base i Langevåg. Det var ei spennande tid. Dette var ein liten båt, og me fôr langt ut og hadde store båtar på slep. Me hadde mange tøffe turar i Nordsjøen, og eg hugsar ein tur der innreinga på «Aure» vart knust. Så kunne vera dårleg vêr. Men me såg ikkje mørkt på noko då me var unge. Og det gjekk alltid greitt.



Dei første dagane og vekene brukte mannskapet på å gjera seg kjent på og rundt Bømlo, mens redningsoppdraga førebels let venta på seg. 24. april fortalte Bømlo-nytt at redningsskøyta hadde vore ute på sitt første oppdrag dagen før: HSD-ferja MF «Strandebarm» hadde fått problem på veg til lands i Langevåg, og måtte slepast til kai. Redningsselskapet sin årsrapport for 1995 stadfestar at dette vart det første redningsoppdraget, to knappe veker etter at stasjonen vart oppretta. Sidan vart det fleire små og store oppdrag utover våren og sommaren, og dessutan eskorteteneste over Sletta for småbåtar. Skøyta hadde også eit beredskapsansvar for Espevær. Det andre skiftet om bord var skipper Georg Nordskog, styrmann Einar Ingebrigtsen og maskinist Per Bettan.



*Den første jobben redningsskøyta gjorde etter å ha fått base i Langevåg, var å hjelpe ferja «Strandebarm». Desse bileta er derimot frå hausten 1995, då ferja på nytt måtte ha assistanse. (Foto: Bømlo-nytt)*

Utpå hausten i 1995 la nok ei redningsskøyte til kai i Langevåg. RS 68 «Bergen Kreds» hadde lege i opplag på Haakonsværn i ei tid, men måtte vekk. No vart skøyta slept til Langevåg, der ho vart liggjande ei tid. I romjula gjorde BTB eit poeng av at heile tre redningsskøyter låg til kai på same tid, då også RS 89 «Ragni Berg» hadde vore innom som snarast. Sistnemnte vart observert i bygda fleire gonger denne vinteren.

Uansett: RS «Nils C. P. Aure» var de faste skøyta i Langevåg heile 1995. På nyåret i 1996 tok RS 71 «Halten» over i nokre månader, då «Nils C. P. Aure» vart stasjonert i Røst i Lofoten under torskefisket.



Frå stasjonen i Langevåg dekkja redningsskøyta eit stort geografisk område. Mannskapet hadde i periodar mykje å gjera. (Foto: Bømlo-nytt)

«Halten» var ei eldre skøyte, og på ingen måte like hurtiggående som den faste. I Bømlo-nytt 19. januar slo skipper Arne Johansen fast at skøyta ikkje kunne ta det same beredskapsansvaret for Espevær som den faste skøyta hadde. Hordaland fylkeskommune meinte på si side at Espevær hadde ein godkjent beredskap også medan «Nils C. P. Aure» var nordafor.

### Tre ekte bømlobåtar

Mens Langevåg var blitt den suverene redningsskøytebygda i vår region, byrja no ein periode der Bømlo vart redningsskøytekommunen: Hausten 1996 fekk verksemda Båttutrustning AS på Innvær jobben med å byggja tre nye redningsskøyter i det som vart kalla «Emmy Dyvi»-klassen. *«Dette er den desidert største kontrakten Båttutrustning AS nokonsinne har fått. Og det er snakk om meir enn dobbelt så stort som den nest største kontrakten vår – med OVDS om levering av tre hurtiggående passasjerbåtar som me no held på å byggja. Og me vil få det helst travelt det komande halvtanna året»*, sa dagleg leiar Jan Willy Folgerø-Holm til Bømlo-nytt i oktober 1996.

Den samla kontraktssummen var kring 52 millionar kroner, og representerte nærare 30 årsverk i byggjeperioden. Fleire andre bømlofirma vart underleverandørar av gir- og propellanlegg, vatn og avløp samt det elektriske opplegget. Dei tre båtane vart vel 20 meter lange og knapt sju meter breie, og fekk ein toppfart på 25 knop. Det kanskje mest spesielle var styrehuset, som låg høgt og hadde utsikt i alle retningar, samt plasseringa av lett båten: Denne skulle liggja i eit rom i hekken på redningsskøyta, og sleppast ut i fart via ei rampe. *«Det er ikkje daglegdags kost i Redningsselskapet å byggja tre nye skøyter nærast på ein gong. Det er mange år sidan sist ein gjorde eit slikt løft. Det ligg også nyttenking bak desse tre redningsskøytene»*, sa president Johan Fredrik Kroepelien i Redningsselskapet under ein pressekonferanse i høve signeringa av kontrakten.

Den første av dei tre redningsskøytene fekk namnet RS 112 «Emmy Dyvi», og vart stasjonert i Stavern. Skipper om bord var vår ven Ivar Karoliussen: –I 1997 var eg med og henta «Emmy Dyvi», då ho vart overlevert til Redningsselskapet. Eg var om bord i sju år etterpå. Me fôr litt rundt med skøyta, og var både i Stavern og i Lofoten desse åra. Opp gjennom åra var me óg mykje innom Bømlo og Båttutrustning. Me var her mellom anna fleire gonger på service, fortel Karoliussen, som altså jobbar på ei anna redningsskøyte i dag. RS 112 «Emmy Dyvi» hadde ein periode Haugesund som heimehamn. Skøyta er no

ute av teneste, og låg lenge til sals gjennom svenske shipsforsale.com. Prisantydning: Rundt 4,9 millionar norske kroner. Hausten 2018 vart skøyta seld.

Den andre bølmlabåten vart døypt RS 113 «Erik Bye» – som ei takk til den gamle NRK-legenda for hans engasjement for Redningssselskapet gjennom mange år. Denne skøyta vart finansiert av innsamla midlar. Erik Bye sjølv vitja Bårutrustning medan arbeidet pågikk. Skøyta vart stasjonert i Kristiansund, og her har ho framleis base hausten 2018.

Den tredje og siste skøyta vart levert i mars 1998, og fekk namnet RS 114 «Bergen Kreds». Dette vart den femte skøyta med dette namnet i Redningssselskapet si søge. Ein stor del av byggjekostnaden vart, som ved dei føregåande skøytene med same namn, dekkja av Redningssselskapet si foreining Bergen Kreds. Den splitter nye, hurtiggåande skøyta vart stasjonert i Langevåg på Bømlo. Her hadde ho base i lang tid. Unntaket var då veteranen RS 82 «Øivind Lorentzen» kom inn som erstatning i ein periode sommaren 1999, medan «Bergen Kreds» segla mellom Bergen og Oslo som ein del av «Trygg havn»-kampanjen.

### Full fart ut vågen

Ivar Karoliussen fortel altså om svært gode tilhøve til folket i bygda den perioden han og «Nils C. P. Aure» hadde Langevåg som heimehamn. All omtale i Bømlo-nytt ser ut til å stadfesta at bygda var stolt av redningsskøyta si, og at det gjekk smertefritt å vera vertskap. Men det finnes eit unntak, ei tid etter at Karoliussen forlét bygda, og eit knapt år etter at den nye og 23 meter lange RS 111 «Peter Henry von Koss» vart stasjonert her i mai 1996:

I mars 1997 fekk fleire båtar og ein kai store skadar då RS 111 «Peter Henry von Koss» måtte gje gass ut vågen. Ein skotsk båt hadde gått på grunn ved Kvalen lykt nord for Haugesund, og ein frykta at båten ville kantra. Kapteinen på redningsskøyta valte å gå ut Langevåg med 23 knop, i staden for fem. Bølgene skada ein sjark og skøytene «Barodd I» og «Alken», som låg til kai på Kaien. «Dette var lite kjekt å høyra, og me beklagar sterkt dei skadane som har oppstått. Men det stod om livet til ti mann, og då var det lite anna å gjera enn å gå på», oppsummerte mannskapet overfor Bømlo-nytt.



*Redningsskøyta «Peter Henry von Koss» var større og hadde kraftigare motor enn dei føregåande med base på Bømlo. Det kunne gje store bølger i den smale vågen. (Foto: Bømlo-nytt)*

Då lokalavisredaktør Stein-Erik Ovesen var sørover for å dokumentera skadane, registrerte han at fleire i bygda hadde venta på ei uttrykking som dette. Han skreiv at mange av dei Bømlo-nytt snakka med «gav uttrykke for at dei hadde vore svært undrande til stasjoneringa av redningsskøyta heilt inst i Langevåg. Og fleire sa at dei før redningsskøyta kom til Langevåg hadde sagt til kommunale representantar at Bømmelhamn måtte vera ein mykje betre stad å vera».

I dagane og vekene som følgde, gjekk debatten om skøyta skulle flyttast ut vågen til Bømmeløy Mekaniske Verksted, eventuelt til Bømmelhamn, Espevær eller Haugesund. Dette vart det ikkje noko av, og diskusjonen stilna etter at RS 80 «America» tok over for «Peter Henry von Koss» på seinsommaren. Dette var ei eldre skøyte med 12 knop som toppfart, og BTB slo fast at det no var redusert fare for at båtar i Langevåg skulle bli øydelagde i redningsskøyteutrykningar. «Me har for så vidt ikkje signalisert overfor Redningssselskapet at dei bør setja inn ei redningsskøyte med lågare marsjart. Men me tolkar det som at dei har gjort det som ein konsekvens av det som skjedde tidlegare i år», oppsummerte administrasjonssjef Sverre Olav Svarstad i Bømlo kommune. Nokre månader seinare fekk skøyta stasjon i Haugesund, i tillegg til i Langevåg. Frå no av ville ho alternera mellom dei to hamnene, men Redningsseskapet slo fast at at ein ikkje vurderte å leggja ned stasjonen i Langevåg.



## Flyttedebatt i fleire rundar

Eit år seinare vart stasjoneringa igjen eit tema, og eit rykte sa at den nye skøyta i bygda, RS 114 «Bergen Kreds», skulle flyttast frå Langevåg til Skudeneshavn. «*Me må flytta skøytene våre der det til ei kvar tid er mest trong for oss, og kor me kan gi best beredskap*», sa informasjonssjef Lars Erik Hagen til Redningsselskapet på generelt grunnlag, utan å stadefesta at ei flytting var på gang. Utpå vinteren viste det seg uansett at skøyta skulle ha tre stasjoneringstader, nemleg Langevåg, Haugesund og nettopp Skudeneshavn. Det ville vera opp til skipperen kor ein til ei kvar tid låg til kai. Formannskapet i Bømlo jobba på nyåret i 1999 for å få behalda Langevåg som hovudbase. I eit brev til redningsselskapet viste ein til at det var seks redningsforeiningar i kommunen, og at det ville «*ha stor symboleffekt dersom redningsskøyta framleis har hovudbasen sin i Langevåg*».

På tampen av 1999 gjekk diskusjonen igjen om Langevåg var rett stad å ha ein stasjon, eller om Bømmelhamn eller Espevær kunne passa betre. Ja, i siste utgåve dette året slo Bømlo-nytt like godt fast at «Bergen Kreds» skulle flyttast frå Langevåg til Bømmelhamn. Redningsselskapet meinte at dette ville gje ein betre beredskap på Sletta, og ordførar Inge Reidar Kallevåg var positiv: «*Problemet med Langevåg er at ein må gå med redusert fart heilt til ein er ute or vågen og har passert ferjeleiet. Den tida ein taper på dette er avgjerande når det er snakk om ei ulykke*», sa ordføraren til Bømlo-nytt.

Dette var kort tid etter den største skipsulykka i vårt område i nyare tid, då hurtigbåten MS «Sleipner» frå Flaggruten gjekk ned utanfor Ryvarden fyr 29. november 1999. 16 menneske miste livet, rett utafør stovedøra vår og tvers over Bømlafjorden. RS 114 «Bergen Kreds» var akkurat då på verkstad i Mandal. «*Det er veldig vondt for oss at me ikkje kunne vera der, og vera til hjelp når dette skjedde. Veldig vondt*», slo redningsinspektør Svein Storlien i Redningsselskapet fast i Bømlo-nytt onsdagen etter.

Redningsskøyta var tatt ut av teneste fordi ein frykta totalhavari på det hydrauliske systemet om bord, som på søsterskipet «Emmi Dyvi». Også den tredje skøyta i same klasse, «Erik Bye», var på verkstad. Røynde, lokale sjøfolk tykte Redningsselskapet hadde valt eit feil tidspunkt på året å ta skøyta inn for verkstadopphald, og ordførar Inge Reidar Kallevåg var samd:

«*Det er særst ugunstig at ein båt som er så viktig og har ein slike funksjon, blei liggjande på verkstad no. Eg må seia at dette er eit rart tidspunkt*», sa Kallevåg.

## Ombestemte seg

I det ein gjekk inn i eit nytt årtusen, var planen å plassera skøyta ved den kommunale kaien i Bømmelhamn. Men Redningsselskapet ombestemte seg etter å ha sett nærare på tilhøva: «*Det må ganske store investeringar til før dette blir godt nok for oss. Kaien må utvidast, det må leggjast inn vatn og straum. Me treng eit lagerbygg. Med så store investeringar veit me ikkje om det er verdt det, og det vil nok også koma opp eit spørsmål om kven som skal kosta det*», sa redningsinspektør Stein Storlien i redningsselskapet til Bømlo-nytt i april 2000. Dermed haldt ein fast på Kåso, samstundes som ein kunne bruka kaien ytst i vågen ved behov.

Avgjerda resulterte for andre gong i kritikk frå det lokale båtfolket, som i denne runden sto fram med namn og bilete i Bømlo-nytt: Henning Person på Hovland meinte det var heilt feil å plassera redningsskøyta inst i Langevåg, og frykta skader på kai og eiga skøyte ved nye hurtigutrykningar. Kystfiskar Geir Edvardsen, med kaianlegg utanfor ferjekaien, følgde opp: «*Den beste staden for eit farty av denne typen, er heilt ytst i Langevåg, ved kommunekaien*», sa Edvardsen til Bømlo-nytt. Han sa vidare at det eigentleg var hol i hovudet å plassera eit utrykningsfarty så langt inne i vågen. Men debatten la seg igjen, og Langevåg vart behalde som stasjoneringstad. Ifølge Redningsselskapet var basen på Bømlo operativ til i 2008, men har ikkje kunna gje noko konkret svar på kvifor stasjonen vart nedlagt.

Vår ven i Lofoten, Ivar Karoliussen, er heilt klar på at mannskapet gjorde det rette då dei ga full gass ut Langevåg våren 1997.

– Skipperen berga jo menneskeliv ved at han kom seg så fort ut vågen. Hadde han tatt det meir med ro, så kunne kanskje menneskeliv ha gått tapt, seier han. På spørsmål om Kåso var rett stad å leggja basen i utgangspunktet, kommenterer Korneliussen slik: – Eg synes jo det sosiale har litt å seie. I Langevåg hadde me butikken rett ved sida av oss. Skulle me ha ligge lenger ute i vågen, måtte me ha gått eit stykke for å komma oss på butikken og sjå folk. Men det er klart, me snakkar om to heilt forskjellige båtar. «Aure» laga ikkje så mykje sjø etter seg som «Koss», som var ein mykje større båt.

## Sjøredningskorps og status i dag

Ved utgangen av 2017 hadde Redningselskapet ein flåte på 51 redningsskøyter, går det fram av årsrapporten for dette året. Redningsskøytene opererte ut frå 50 stasjonar langs heile kysten, samt på innsjøane Mjøsa og Femunden. Halvparten av redningsskøytene var i 2017 bemanna av totalt 196 sjøansatte, som jobba i turnus og med døgnberedskap. Dei resterande skøytene var bemanna av totalt 1300 frivillige, mellom anna RS 120 «Sundt» med base på Stord. Sidan starten i 2013 har denne stasjonen vore drifta av eit lokalt, frivillig lokallag med over 50 medlemmer: Redningselskapets Sjøredningskorps Stord. Den første tida var det RS 122 «Simrad Færder» som vart nytta. Denne skøyta er no stasjonert i Harstad.

Det første sjøredningskorpset av Stord-typen vart etablert i Arendal i 1996, som ei prøveordning, går det fram av «Fra seilskute til vannjet. Historien om redningsskøytene». Det vil seie: Allereie på 1980-talet gjorde ein forsøk med slike korps ulike stadar i landet, men desse vart av ulike grunnar nedlagde etter kvart. Målet med prøveordninga på Sørlandet var å drive aktivt sjøredningsarbeid og å gje ungdommar og vaksne opplæring og trening i tryggleik på sjøen. Prøveordninga vart vellykka, og snart kom det eigne sjøredningskorps i mellom anna Oslo, Trondheim og Stavanger. Korpsa skal bistå ved ulykker og hendingar på sjøen, og skal avlasta dei ordinære redningsskøytene med eksempelvis sjuketransport. Opplegget er kjent frå fleire land, mellom anna England og Sverige.

*«I dag er de fleste sjøredningskorpsene utstyrt med egne fartøyer og har som formål å styrke beredskapen langs kysten foruten å stimulere til økt aktivitet blant de frivillige i selskapet. Samtlige skøyter bemannes med frivillige mannskaper som er medlemmer av Redningselskapet. Fartøyene fungerer som et supplement til den lokale redningsskøyta og bidrar derfor til økt beredskap»,* heiter det i boka «Fra seil til vannjet. Historien om redningsskøytene».

Redningsskøytene berga 35 menneskeliv i løpet av 2017. Sidan starten i 1891 er meir enn 6400 personar berga opp frå havet.

## Dette er «våre» skøyter

Avslutningsvis får du her ein oversikt over redningsskøytene som har hatt base i Langevåg, henta frå boka «Fra seil til vannjet. Historien om redningsskøytene» og Redningselskapet sine nettsider:



*Gode, gamle «Nils C. P. Aure» som havnefarty i Narvik, no som «Bjørnfjell». (Foto: Finn Brattli)*

RS 101 «Nils C. P. Aure» (tidlegare «Adelen») var den første redningsskøyta med base i Kåso. Lengde: 26,24 meter. Bredde: 4,70 meter. Vekt: 29 tonn. Toppfart: 25 knop. Rekkevidde: 175 nautiske mil. Mannskap: 3 personar. Skøyta var i operativ teneste frå 1990 til 2011. Ho redda i løpet av desse åra 27 liv, og assisterte 2427 farty. Nettavisa «Heia Ballstad!» i Lofoten skreiv dette om skøyta i januar 2014, etter at ho hadde fått ny drakt ved Ballstad Slip & Mek:

*«Båten fikk et heller ubeldig endeligt i Redningselskapet etter et serviceopphold i Svolvær. Ved en alvorlig feil ble båten sjosatt etter slippoppholdet uten at bunnventilen ble stengt. Dette ble fatalt, og den havnet på bunnen av Svolvær havn! Etter dette ble den tatt ut av fremtidig tjeneste i selskapet, og er nå solgt til et nytt liv som aktivt havnefartøy i Narvik havn».*

Her gjer skøyta framleis teneste som MS «Bjørnfjell».



*To redningsskøyter med namn «Bergen Kreds» har lege til kai i Langevåg. Denne var kun i opplag i ein periode hausten 1995. (Foto: Bømlo-nytt)*

RS 68 «Bergen Kreds» vart bygd i Skudenes. Lengde: 22,85 meter. Breidde: 6,00 meter. Vekt: 127 tonn. Toppfart: 10 knop. Rekkevidde: 1500 nautiske mil. Mannskap: 5 personar. Skøyta var i operativ teneste frå 1963 til 1995, og låg deretter i opplag i Langevåg i ein periode før ho vart seld. Skøyta har redda 36 liv, og assistert 595 farty. Ho heiter no «Elisabeth G», og går ifølge Den Norske Veteranredningsskøyteforening og Northern Light Cruising Company i chartertrafikk på Hebridene.



*Redningsskøyta «Halten» var vikar i Langevåg i 1996. På dekk står skipper Arne Johansen og styrmann Tore Robekke. (Foto: Bømlo-nytt)*

RS 71 «Halten» vikarierte i vår region i ein periode i 1996, og hadde då Langevåg som base. Lengde: 22,85 meter. Breidde: 6,00 meter. Vekt: 97 tonn. Toppfart: 10 knop. Rekkevidde: 2100 nautiske mil. Mannskap: 5 personar. Skøyta var i operativ teneste frå 1966 til 1997. Ho redda i løpet av desse åra 46 liv, og assisterte 700 farty. I 2007 hadde skøyta base på Lake Michigan i USA 2007, ifølge Northern Light Cruising Company. Her er ho framleis, opplyser Den Norske Veteranredningsskøyteforening.



*Redningsskøyta «Ragni Berg» hadde aldri base i Langevåg, men kom innom rett som det var. (Foto: BTB)*

RS 89 «Ragni Berg» hadde ikkje heimehamn i Langevåg, men låg her likevel i fleire periodar i 1995 og 1996. Dette kan hengja saman med at Storebø i Austevoll var base delar av 1995. Lengde: 13,80 meter. Breidde: 4,00 meter. Vekt: 22 tonn. Toppfart: 24,9 knop. Rekkevidde: 330 nautiske mil. Mannskap: 2 personar. Skøyta var i operativ teneste frå 1974 til 2013. Ho redda i løpet av desse åra 53 liv, og assisterte 3214 farty. I dag er det Lerow AS i Trøndelag som eig skøyta, opplyser Den Norske Veteranredningsskøyteforening. Her vert skøyta nytta i samband med fiskeoppdrett.



*«Peter Henry von Koss» til kai i Langevåg. (Foto: Bømlo-nytt)*

RS 111 «Peter Henry von Koss» hadde base i Langevåg frå våren 1996 til seinsommaren 1997. Lengde: 23,00 meter. Breidde: 6,50 meter. Vekt: 103 tonn. Toppfart: 28 knop. Rekkevidde: 800 nautiske mil. Mannskap: 4 personar. Skøyta har vore i teneste frå 1996, og har i 2018 base i Mehamn. Skøyta har så langt redda 49 liv, og assistert 1660 farty. Siste halvår i 2015 var skøyta ein del av operasjon Poseidon i Hellas, og redda ifølge Redningsselskapet sine nettsider over 3000 born og vaksne som kryssa Middelhavet på flukt frå krig og fattigdom. Sidan vart skuta kåra til Årets namn av avisa VG. Søsterskipet RS 110 «Reidar von Koss» var for øvrig innom Langevåg under jomfruturen våren 1996, men vart ikkje stasjonert her.



*Redningsskøyta «America» på plass i Langevåg på seinsommaren i 1997. (Foto: Bømlo-nytt)*

RS 80 «America» fekk heimehamn i Langevåg frå seinsommaren 1997, då ho tok over etter RS 111 «Peter Henry von Koss». Lengde: 22,85 meter. Breidde: 6,0 meter. Vekt: 90 tonn. Toppfart: 11 knop. Rekkevidde: 2100 nautiske mil. Mannskap: 4 personar. Skøyta var i operativ teneste frå 1971 til 2004, då ho vart selt. Skøyta redda i løpet av desse åra 37 liv, og assisterte 1377 farty. Den Norske Veteranredningsskøyteforening sine opplysningar fortel at skøyta i fleire år har lege ved ein konkurråka verkstad i Polen, og at det er uklart kva som vil skje med ho.



«Bergen Kreds» i Langevåg i nyare tid, etter at Bygdatunet stod klart.  
(Foto: Bømlo-nytt)

RS 114 «Bergen Kreds» var heilt ny då ho vart stasjonert i Langevåg på nyåret 1998, og kom rett frå Båutrustning AS på Ternetangen på Innvær. Lengde: 20,4 meter. Breidde: 6,8 meter. Vekt: 76 tonn. Toppfart: 24,9 knop. Rekkevidde: 600 nautiske mil. Mannskap: 4 personar. Skøyta har vore i teneste sidan 1998, og har lang fartstid i vår region. I 2018 har ho base i Smedasundet i Haugesund. Kuriøst nok kunne ein sjå to tidlegare redningsskøyter på andre sida av sundet i sommar: RS 76 «G. Unger Vetlesen» og RS 55 «Olav Østensjø jr.». RS 114 «Bergen Kreds» har så langt redda 23 liv, og assistert 2443 farty.

RS 82 «Øivind Lorentzen» var sommarvikar i vår region i 1999, med base i Langevåg. Dette er imidlertid ikkje oppført i boka. Lengde: 22,85 meter. Breidde: 6,00 meter. Vekt: 90 tonn. Toppfart: 11 knop. Rekkevidde: 2100 nautiske mil. Mannskap: 4 personar. Skøyta var i operativ teneste frå 1972 til 2007. I løpet av desse åra redda ho 60 liv og

assisterte 1822 farty. Skøyta vart i 2007 selt til Erling Lorentzen – ektemannen til prinsesse Ragnhild og son av Øivind Lorentzen, som skøyta var oppkalla etter. Den nye eigaren døypte om skøyta til «Norte II», og ny base vart Rio de Janeiro i Brasil. Her er skøyta framleis, stadfestar Den Norske Veteranredningsskøyteforening.

### Tidlegare redningsskøyter med stasjoneringstad på Haugalandet og/eller på Espevær:

RS 3 «Tørdenskjold» (1895). RS 4 «Feie» (1894-1902). RS 18 «William Eger» (periodar i tida 1903-1913). RS 21 «Anton Poulson»/«Solli» (1913). RS 27 «Oscar Tybring II»/«Vadsø» (1942-1944, samt ein periode i 1946). RS 28 «Sandefjord» (1913-1914). RS 31 «Kristiansand»/«Haugesund» (fleire periodar i tida 1914-1932). RS 32 «Kragerø» (periodar av 1954 og 1959). RS 33 «Larvik» (1943-1944). RS 34 «Haugesund»/«Kristiansand» (ei rekkje periodar i tida 1923-1955). RS 38 «Biskop Hvoslef» (1945). RS 40 «Frithjof Wiese» (1950-1953). RS 41 «Christian Bugge» (1941-1942). RS 42 «Storebrand» (1952-1953). RS 43 «Astrid Finne» (1937-1941, samt ein periode i 1954). RS 45 «Christian Børs» (1943, 1951-1952 og 1960-1961). RS 48 «Gustav B. Bull» (1946). RS 50 «Osloskøyta» (deler av 1940 og 1945). RS 51 «Fredrik Langaard» (1945, samt fleire periodar i tida 1951-1963). RS 52 «Ole O. Lian» (fleire periodar i tida 1942-1950). RS 55 «Olav Østensjø jr.» (fleire periodar i tida 1951-1958, samt 1967-1968). RS 60 «Ulabrand» (1974). RS 62 «Ambassador Bay» (1959). RS 67 «Ingeborg Platou» (1962). RS 69 «Hjalmar Bjørge» (1963-1967). RS 74 «Arne Fahlstrøm» (1968-1970). RS 76 «G. Unger Vetlesen» (1969). RS 78 «Hagbart Waage» (1968 -1981). RS 88 «Odd Fellow» (1979). RS 90 «Odd Fellow II» (1986-1988, samt deler av 1994). RS 91 «Knut Johan» (periodar i tida 1989-1993). RS 93 «Aril» (1981-1982). I tillegg var RS 59 «Tønnes Puntervold» utleigd til Statens Havarivernskole i Haugesund i 1975.



Kjøpeskip, skiffeløse  
**BARNE- og DAMEKLEER**  
 på W  
 senter  
**BØMLO NYTT**  
 Nr. 43  
 NR. 43 ONSDAG 12. APRIL 1995 23. ÅRGANG

# Velkommen til Bømlo!

**GOD PASKE!**

Me i BØMLO-nytt vil med dette ønske alle våre lesere og abonnenter ei riktig god påske! Børk helgedagene til glede og nytte! Og ten igjen om du er ute av en ei uke - søndag 19. april. Forresten kan du finne mer nyheter på vår nettside på www.bomlo.no. Kve deg!

**Nye-presten på plass**

Den nye kapellanen i Finnås, Arviden Gundersen, er på plass i dag med familie i prestebudene på Sverstad. Og i tillegg vil han rerte innsett i Lunde. Der vil han i tillegg arbeide i Bømlo kyrkje.

**Møte med Eric Clapton!**

Han sveier litt over bakken sin dagen, den 16 år gamle sangeren Thomas Espeland. Sid foring var han nemlig i Oslo for å bli med seg Eric Clapton sin konsert i Oslo Spektrum. Men det var sin ikke berre konserten han fikk med seg: Thomas fikk nemlig et eksklusivt møte med sangeren, der det snakka og musikk og gitar. Thomas bleit at Eric Clapton var sånn selig og løst, og at han skilte autografen både på gitar og på gitarer.

BØMLO I TEKST & BILDE  
**BØMLO REGNSKAP AS**  
 Telefon: 53 42 10 55  
 BØMLO  
**BTB**  
 NR. 44 TIRSDAG 18. APRIL 1995 3. ÅRGANG LAUSSAL: kr 5,-  
 Ring oss om **RØR!**  
 • Dyrketidning  
 • Byggingen- og byggingen  
 • Skole og ungdom  
 • Ferie og fritid  
 • Ferie og fritid  
 • Ferie og fritid  
**WVS BØMLO**  
 WVS BØMLO

# Rednings-skøyta i ny heimehamn

**Front mot front**

**Nær 700 på revy**

- Eg er godt rogd med besøkstala i skolen, viser drøpning har Loff Lohne ved Barmaley Hotel. 675 personar sig revyen «Manningsproven 2» i den nye rednings-skøyta, og det var også fullt hus på diskoteket. Lohne meiner lokale langvarer svært bra, og fortal at resten av utbygginga også er i rute. Jan Otto Vik (Diddé & Co) på scenen leverte totalt sett ein middelmådig revy, men med sin del gode skurkar. Forryng må bli, men karnevalene skilte denne kombinasjonen av ry, langbord og allsang.

Side 3  
 Side 3  
 Side 9

**Front mot front**  
 Side 3 og 4  
**Minefunn i Brandasund**  
 Side 4  
**Avis nr. 1 1945**  
 Side 5  
**Feiringa i rute**  
 Side 8

Det var ei stor hending då rednings-skøyta kom til Langevåg, og både Bømlo-nytt og BTB sette av god plass til dette.



Rednings-skøyta «Bergen Kreds» til kai i Smedasundet i Hagesund sommaren 2018. Dette var den siste rednings-skøyta med fast stasjonering i Langevåg. (Foto: Nils Henning Vespestad)

# Soga om Brynhilde Johnsdatter Thormodsæter (1849-1939)

Av Knut Torsethaugen, oldebarn til Brynhilde

## Innleiing

Dette er noko av den romantiske og til tider dramatiske saga om Brynhilde Johnsdatter frå Thormodsæter på Bømlo. Eg har nytta skrivemåten Brynhilde, men namnet vart ofte skrive Brønhilde eller Brønhyll. Oversikt over kjelder finn ein i teksten og bakerst.

Brynhilde var fødd på Lindøen 31. juli 1849, og foreldra var John Andersen Lindøen (1818-1905) og Brita Nielsdatter Vorland (1817-1899). Faren til John, Anders Thormodsæter, bygsla Lindøen fram til John overtok i 1857. Begge foreldra til Brynhilde var frå tradisjonsrike bondeslekter på Bømlo som Rydland, Spissøy og Saxeid som kan sporast attende minst 200 år. Brynhilde hadde 3 sysken, tvillingane Anders (1843-1936) og Brita (1843-1899) og systera Anna Elisabeth (1854-1935).

## Ungdomstid og friarar

Brynhilde vart konfirmert i 1864 med karakter: «*Bedre enn foregående*» der foregående hadde «*Meget god Christendomskundskap og Flid m.v.*» Dei to åra etter konfirmasjonen skulle verta avgjerande for resten av livet hennar.

I «*Or gløymeboko*» av Birger Røksund (Ref. 2) er det skildra korleis det kunne ha gått til då ho lova seg til den unge sjømannen Kolbein Melkevik:

*Ein kveld han (Kolbein) var heime frå sjøen, traff han ei slik snåp jente oppante Tormodsæter. Ho var nokonlunde på hans alder, og heitte endåtil Brønhyll. Og ho lova før han for, at ho ville venta so trufast på den unge uteseglaren.*

Slik skulle det ikkje gå.

*Men so hende det so uboveleg ei tid seinare, at der kom ein finsk bark til Lindøyno like utanfor der Brønhyll heldt til. Den skulle laste kës frå gruedrifta der i øyno. Medan dei venta på å verta lasta, tok manskapet seg turar i land, når der var høve til det. Då var det at Brønhyll, kanskje ein fin måneskinnskveld, gløymde han Kolbein, og gav sitt hjarte til skipper Bäckström på den finske barken.*

Dette vart eit hardt slag for Kolbein.

*Då den unge uteseglaren kom heim og skulde ta skipperskulen, vart denne hendinga so vond og vanskeleg for han, at han sto ikkje til eksamen. Han drog til sjøs og seilte seinare i mange Herrens år.*

Dette er ikkje det siste me høyrer om Kolbein i denne saga, men fyrst skal eg fortelja om Brynhilde og hennar finske skipper. Det var i 1866 då Brynhilde var 17 år, at den finske skipperen Albert Edvard Bäckström var på Bømlo, truleg var dette på eit skip som heitte «*Toivo*» Etter dette fyrste møtet gjekk det truleg 9 år, før dei såg kvarandre att. Dei held kontakt med brev, og to av desse frå Albert finns. Det eine er sendt frå Espoo i Finland i 1868 og det andre frå London i 1870. I sitata nedanfor er det forsøkt å behalde skrivemåten, men ikkje alle ord er like lette å tyde. Dei utvekslar portrett og høgstemte kjærleikserklæringar, men og små daglegdagse hendingar og bekymringar.

Fyrst ei påskrift frå brevet i 1868:

*Jag måste påminna dig om de befliga qvällar då vi sjong bredvid Thormodsäter och nu kan jag ej annat än senda dig min varmaste tacksägelse och måtte du sända mig en suck ifrån hjertat då du er alena, ty jag sänder dig en kyss ifrån hjertagången. Min Adresse är denfamma, skrif fort derom beder med et tårfullt öga och blödande hjärta. Farväl min Brynhilde.*

At Brynhilde var ei ettertrakta jente, går fram av brevet frå 1870:

*Kom ihåg dyrbare Brynhilde att den första kärleken är den renaste och den skänkte du engång åt mig och jag gav min första kärlek åt dig, men nu har du ändrat ditt hjerta och gifvit det åt en annan, men jag kan ej gifva mitt åt någon annan än dig. Och jag tror att du ej blir lycklig med någon annan. Jag önskar dig all möjlig lycka med Kapten Enes om du blir hans hustru, men kom ihåg på din Bröllopps dag att det finnes en annan hvars hjerta slår för dig. Jag sänder ett Portrett med, som du antingen får behålla sjelf eller gifva*

*det åt din yngre Syster med hvilkor att hon skickar sitt Portrett till Alexandria. Om du ännu wille mottage ett Portrett af mig så skall jag skicka från Alexandria och jag beder dig äfven vara god och skicka ditt åt mig. Helsa din yngre Syster rätt mycket och bed henne skrifva någre rader i ditt bref, helsa äfven dina Föräldrar och mest är du sjelf helsad, samt måtte Gud trösta och styrka dig, samt äfven mig. Gud välsigne dig och mig samt oss alla det beder af hjertat, du min vackra Älskade Brynhilde. Lef Väll! Lef Väll! Du stolta Mö i Norden, det önskar din Vän i döden, Albert Edvard Bäckström.*

Det kan sjå ut som Abert har eit godt auga til den yngre systera, om Brynhilde skulle velje ein annan. Han møtte nok henne og då han var på Bømlo i 1866. Då var ho 12 år. Kaptein Enes høyrer vi ikkje meir om, så det gjekk bra for Albert.

#### **Albert og giftermål**

I 1875 forlèt Albert skipet sitt i London, reiser via Bergen til Bømlo og giftar seg med Brynhilde den 3. oktober. (Ref. 1). Albert var fødd i Espoo i Finland 1842. Faren var Johan (f. 1807) og mora Eva Ulrikka Malmström (f. 1807). Faren var Rusthållar på godset Frisans. Eit "Rusthåll" skulle forsyne det svenske kavaleriet med rytter, hest og utrustning. Albert gjekk på Helsingfors Navigasjonsskola vinteren 1865 og fekk kapteinseksamen som best av 4 med karakter «Berömliga», dvs. «Utmerket» i april 1866. I åra mellom 1866 og 1875 segla han utanriks på fleire seglfartøy, delvis under russisk flagg. Finland var eit russisk storfyrstedømme på den tida. Han vart kaptein på skipet «Henric Emanuel» i 1872.

Me må rekna med at Brynhilde budde heime og deltok i arbeidet på garden medan ho venta på Albert. 1875 vart eit travelt år for Brita og John på Thormodsæter. Eldste sonen Anders gifta seg med Siri Mikkelsdatter Totland den 22. april og fekk sin fyrste son, John, 19. juli.



*Brynhilde, ca 1870*

Yngstejenta Anne Elisabet gifta seg med Jens Danielson Ådnanes den 17. september og Brynhilde gifta seg altså 3. oktober. Folketeljinga for 31. desember 1875 viser at alle tre døtrene då hadde flytta heimafrå, og att på Thormodsæter var foreldra og sonen Anders med familie. Dei hadde 1 hest, 5 kyr, 3 ungdyr og 28 sauer med lam. Meir om slekta på Thormodsæter finn ein i Bømlo bygdebok. Syskena til Brynhilde hadde barnerike familiar som nok levde eit hardt liv. I 1886 mista Anne Elisabet og Jens både son og dotter i eit dramatisk forlis på veg heim etter å

ha frakta sau til Sævereide. Jens som førde båten, vart med nød og neppe berga i land. Faren, gamle John Lindøen med son og soneson, forliste og på same turen, men vart berga. Den dramatiske ulykka vart omtala i fleire aviser.

### Kolbeinsviso

Korleis gjekk det så med den forsmådde Kolbein? Han kunne ikkje gløyme ungdomskjærasten, og etter at han fekk høyra at ho var gift, skreiv han den vemodige og vakre «Kolbeinsviso» som byrjar med (Ref. 2.): «*Bort sorgen fra mitt hjerte, thi nu er pigen gift*». Tek ein fyrste bokstaven i kvart vers fær ein ordet «Brønhilde», så det er ikkje tvil om kven han hadde i tankane.

Historia om visa og forfattaren Kolbein finn ein bl.a. i artikkelen: «Soga om ei vise og ein båt» (Bn februar 2012). 3 av versa er innspelt med to ulike melodiar på plata «Ro, ro Relte» I «Or gløymeboki» finns ei litt annleis utgåve. Eg har og funne ei utgåve etter mor mi som skil seg frå dei to andre med berre 8 vers og som ber preg av munnleg overføring. Denne utgåva er tatt med til slutt i denne artikkelen. Kva for utgåve som er den originale har eg ikkje funne ut, men versjonen i «Or gløymeboki» synes best. Teksten i visa er ei artig blanding av djup kjærleikssorg og jordnære og bitre kommentarar til den sørgjelege stoda han var i. Den inneheld og nokre fakta som er med på å stadfeste delar av denne soga. Vi veit at det gjekk bra med Kolbein seinare i livet, og at han vart ein kjent mann på Bømlo bl.a. i samband med gullgruvedrifta. (Ref. 2).

### Til sjøs

Etter at Brynhilde og Albert var gift, drog dei til sjøs ilag. Fyrste turen gjekk til Karibien. I vers 4 av Kolbeinsvisa går det fram at Kolbein og Brynhilde såg kvarandre på kvart sitt skip i Pensacola i Florida, truleg tidleg i 1876. Pensacola var ein havneby som var mykje vitja av skip frå Norden på den tida. Vi kan merke oss at Kolbein som den sjømannen han var, finn rom for å uttrykkje skepsis til kvaliteten på skipet.

Etter Pensacola, gjekk truleg turen til St. Thomas-øyene før dei sette kursen attende til England. I engelske skipslister for 4. mai 1876 finn vi E. Bäckström som kaptein på barken "Ilmatar" på seilas frå Pensacola til Hull. "Ilmatar" var eit tremasta seglskip, ein bark, på 739 tonn som var bygd i Boston i 1855 og tilpassa tømmerlast. Dei nådde den engelske kanalen ved Dungeness natt til 18. mai 1876 og gjekk på grunn i dårleg vær. Det vart ein dramatisk redningsaksjon der alle 17 om bord vart redda av folk frå "The Royal National Lifeboat Institution". Sjefen for redningsaksjonen fekk ei utmerking for denne redningsdåden. Hendinga er skildra i detalj både i engelske og finske aviser. Det finns og ei detaljert skildring av hendinga i engelske rettspapir frå hausten 1876 der erstatninga til redningsbåtar og mannskap vart fastsett. Her er nokre avsnitt frå omtaler (mi oversetting)

Frå redningsaksjonen (York Herald 3. juni 1876):  
*Ved første forsøk på å komme ombord i havaristen ble redningskøyta tatt av en bølge og kastet over mannskapet. De kom seg imidlertid på land og i neste forsøk lyktes de å nå fram til vraket av Ilmatar. Mens de lå ved siden av havaristen ble en mann kastet overbord, men han ble reddet. Kapteinen og hans frue ble tatt over i redningsbåten og fraktet til land. Etter det ble flere mann med redningsbåten ut igjen og reddet resten av mannskapet.*

Frå rettsaka hausten 1876 (High Court of Justice, Admiralty Division):



*Ein typisk bark har tre master. Dei to fremste er skværrigga, medan den akterste har mesansegl.*



*Klokka 2.30 p.m. returnerte de (redningsfartøyene) til Ilmatar der de fant at hun hadde blitt forlatt av kaptein og mannskap. De tre taubåtene som var bemannet, bordet barken, og fant at hun var full av vann. Roret hennes var brutt i stykker og anker, kjetting og lenseystem ødelagt. Etter å ha fått sine slepetau ombord på barken, begynte de igjen å slepe henne, og like før høyvann, lyktes de med å flytte henne av sanden, og da kom kaptein og fire av mannskapet på Ilmatar tilbake i en kystvaktbåt.*

I følge Ref. 1 som og nemner forliset, mista Albert kapteinsløyve for internasjonal fart etter dette forliset. Etter fleire kontaktar til engelske og finske kjelder har det ikkje lukkast å få ei endeleg stadfesting på at kapteinen på «Ilmatar», E. Bäckström, er Albert Edvard og at han mista løyvet sitt etter forliset ved Dungeness. Lloyds melder 22. mai 1876 om «*disposition*» av kaptein E. Bäckström på Ilmatar, noko som truleg tyder at han førebels mista løyvet i samband med sjøforklaringa. Ei slik førebels inndraging av kapteinsløyvet førte vanlegvis til ei retts sak seinare. Sjølv om vi veit at det fanst minst ein kaptein Bäckström til på den tida, viser ”Kolbeinsvisa” at Albert og Brynhilde var i Pensacola på den rette tida. Det er og lite truleg at det var meir enn éin kaptein Bäckström som segla med kona si om bord i det same tidsrommet, fylgde same seglingsrute og var utsett for forlis i den engelske kanal.

## Finland

Etter forliset forlèt i alle fall Brynhilde og Albert sjøen og flytte til Finland, fyrst til Espoo og seinare til Helsinki. (Ref.1). Her kan det vera artig å skyte inn eit sitat frå brevet frå Albert til Brynhilde frå 1868:

*Du seger att du ej vill komma till Finland, men du må tro att nog lefver vi i Finland ganska bra, men om du ej vill komma så är det och detsamma, ty bara jag får fartyg sjelf så er det detsamma hvar du har din hemort.*

Det gjekk altså ikkje aldeles som dei unge drøynde om, og det var nok ein stor overgang for jenta frå Bømlo å koma til Finland både når det gjaldt språk og kultur. Albert segla truleg som kaptein på dampskip på innlandsfart nokre år. Dette har eg ikkje klart å dokumentera eintydig, men Backström (fornamn ikkje oppgitt) var kaptein (som vikar) på dampskipet «Jämsä» på ein tur i 1884 på Paijanne, ein av dei få innsjøane med dampskipsfart, som ligg litt nord for Hesinki. Skipet gjekk på grunn, men alle om bord vart redda p.g.a. kapteinens «*manndige opptreden*». Dette forliset er skildra i Finske aviser.

I Finland fekk Brynhilde og Albert 5 ungar: Jon Edvard, fødd i Espoo 1877, død i Helsinki 1886, Berta og Ulrikke, tvillingar fødd i Espoo 1879, Arvid Thorstein fødd i Tuusula 1880 (han var styrmann og døydde i ei skipsulykke i 1924) og Alith Elise fødd i Tuusala 1883. Espoo og Tuusula er nabokommunar til Helsinki, I 1882 har familien adresse Fredriksgatan 25, Helsinki der Albert dør i 1887 etter eit «*långvarigt lidande*». Brynhilde annonserte at alle som ville ta del i hans siste ferd, kunne møte på denne adressa den 14. mars 1887 kl. 10. Han er gravlagd på familiegravstaden i Espoo som ligg ca. 10 km frå Fredriksgatan, så det var ei lang siste reis. Hans dødsfall er rykt inn i ei rekkje finske aviser der han vert omtala som ”Sjøkapten”. Det kan kanskje tyde på at han var ein kjend person.



*Brynhilde saman med 2 døtre og barnebarn i Bergen ca 1930.*

## Bergen

Etter at Albert døydde sat Brynhilde att med 4 ungar i Finland. Ho braut då opp og reiste til Bømlo og seinare til Bergen. Kvar ho budde dei par åra ho var på Bømlo veit eg ikkje, men i 1889 var ho i Bergen i Stokkebæksmuget 6, 2. etg. og annonserer at «*Ordentlige spisegjæster intages*». I 1890 kjøper ho ein eigedom i Strandgaten for kr 11.500, og i folketeljinga for 1891 driv ho privathotell i Strandgaten 148.

I 1892 giftar ho seg med den 7 år yngre notbestyrar Ludvig Andreas Langeland frå Fjeld. Dette var ikkje eit vellykka ekteskap (Ref. 1). I 1894 har ho borgarbrev i Bergen med yrke handel, og i fylje Norsk lysningstidende startar ho eit firma, B. Langeland. I same bladet kunngjer Ludvig at han ikkje tek noko ansvar for kona sitt firma. Ludvig døyr i Solsvik i 1921, så dei budde nok ikkje i lag og allereie i folketeljinga for 1910 skriv Brynhilde seg som Bäckström. Då har ho adresse Haugeveien 33. I 1920 har ho flytta til Verftstrappen 2 med yrke husmor. Der bur ho til ho døyr i 1939, 89 år gamal. Eit langt og fasinerande liv var slutt.

## Etterord

Kva så med etterkomarar etter Albert og Brynhilde? Begge sønene til Brynhilde døydde tidleg. Dei og dottera Ulrikke var ikkje gifte og hadde ikkje etterkomarar. Den yngste dottera, Alith Elise, var gift i Bergen og hadde 2 søner og 2 døtrer og eit barnebarn. Dottera Berta, mi bestemor, vart gift med Eivind Sommerfelt Fossum frå Oslo. Dei busette seg på Hvalstad i Asker. Eivind var murmeister og bygde bl.a. ei rekkje stasjonar for NSB. Dei hadde 4 søner og 3 døtrer, som utmerka seg i sport og samfunnsliv. Per deltok bl.a. i utfor i OL 1936, Arvid og tvillingane Ole Hannibal og Jon var i norgestoppen i orientering. Arvid var formann i Norges skiforbund og Jon ordfører i Asker i ei årrekkje. Berit (gift Stavdal) var lærar, opplesar og skodespelar og hadde morgongymnastikken i radioen i mange år. Edith (gift Hegnar) var og lærar og vart 97 år. Ho var bl.a. styreleiar for Asker Museum. Alith Elise, mi mor, var husstellærar og gifta seg med småbrukar og treskjerar, Mikkel Torsethaugen på Torpo i Hallingdal. Brynhilde har 23 oldebarn og ca. 60 tippoldebarn, der dei fleste bur i Asker.

## Kjelder

Ref.1, «Mitt livs historie» av Eivind Sommerfeldt Fossum (svigerson og min bestefar)  
Ref.2. Om Kolbein Melkevik og Kolbeinsvisio: «Or Gløymeboki» av Birger Røksund, «Gullgravarane på Lykling» av Brynjar Stautland, utgjevinga «Ro, ro Relte» i 1999 frå Bømlo kommunale musikksskole samla av Alf Johansen, boka «Natur-, miljø- og kulturvern på Søre Bømlo» Bømlo Tur og sogelag 1992 og «Soga om ei vise og ein båt» av Dagrun Jøsok, avisartikkel i Bømlonytt 2012.

Eva Elise Faye (oldebarn). Brev frå 1868 og bileta, Kristin Fossum (oldebarn). Brev frå 1870.

Andre kjelder (eksakte referansar til kyrkjebøker, folketellingar, aviser og bøker kan skaffast)

Norge:

Bømlo bygdebok (slektsdata og informasjon om Bømlo)

Kyrkjebøker og folketellingar frå Digitalarkivet. (slektsfakta)

Nasjonalbiblioteket (aviser og bøker)

Arkivverkets Slektsforumet (tydingar av dokument og generelle spørsmål)

England:

British Newspaper Archive (skildringar av skipsulykke og skipsanløp)

The National Archive (bl.a. rettspapir og svar på spørsmål)

Lloyds ship register (skipsanløp)

Finland:

Nationalbiblioteket i Finland– Digitale samlingar, (slektsfakta)

Finsk digitalarkivs slektsforum, Finlands

Släkthistoriska Förening

og Finsk slektsforum Finlander (hjelp med finske dokument og finske kjelder)

Spesiell takk til Bømlo Tur og Sogelag for hjelp og oppmuntring og til Brita Torsethaugen Rygh (oldebarn) for korrekturlesing.

PS. Høyrer gjerne frå dei som har spørsmål eller tilleggsinformasjon om Brynhilde og hennar familie. e-post: [kn-torse@online.no](mailto:kn-torse@online.no)

# Kolbeinsvisa

I papir etter mor mi, Alith Elise, kom eg over denne utgåva av Kolbeinsvisa som eg ikkje veit opphavet til, men truleg er det munnleg overlevering. Den inneheld og nokre «rare» uttrykk og feil. Som ein ser har den berre 8 vers. Det er vers 8 frå dei andre utgåvene som manglar, men siste vers er omgjort. Tek ein fyrste bokstaven i kvart vers og set saman får ein «Brønhild».

*Bort sorgen av mitt hjerte, thi nu er piken gift,  
det nytter ei at sørge, thi hun en finne fikk.  
En skipper det mon være, en Bark han føre må,  
det skar mig i mitt hjerte at du hans brud skal stå.*

*Rørt blev jeg i mitt indre da jeg det høre får,  
thi jeg dig haver elsket i mange lange år.  
Jeg kan dig aldrig glemme, du gjør mig stor uro,  
men du må dog med glede der nedi Finland bo.*

*Ømt haver jeg dig elsket i mange lange år,  
og hadde det i tanker at jeg dig skulde få.  
Men dette var umuligt som ikke kunde skeje,  
Du måtte ha en Russer godt altid stinkende.*

*Nyss haver jeg dig skuert i Pensakolas by,  
Du sto ombord i Barken og den var sikkert ny.  
Litt lekk mon den vel være, det merkede jeg grant,  
thi Gossane de pomped og sang så litt i blandt.*

*Høit må de Gosser entra som farer her ombord,  
Bramstenger har de ikke, de står i-gjen i nord.  
De eksisterer ikke man rager opp et skaft  
hvor Gubben pleier henge sin nye Brudgomsbhatt.*

*Ind i september du gifted ble med ham,  
i syttifem man teller, forlod du Norges land.  
Til sjøs du da mon drage ifra dit kjære hjem,  
en liten trip at tage ned til Øst-Indien.*

*Langt glider stolte skibe på den Atlanter sjø,  
intil de får i sikte Sanket Tomas skjonne o.  
Man ankrer vel på havnen og lossen lasten ut,  
man sig tilbakevender, alt på den kvite skerud.*

*Du hører skjonne pike i mens jeg sitter her  
og dikter disse linjer skjont de gjør mig fortred.  
Glem aldrig bort din elsker, nu slutter jeg min sang,  
dit navn du selv kan lese langs visens ytre rand.*

# Kristian Eidesvik - ein ung emigrant

Av Bernt Emil Vika

**I åra frå 1825 til rundt 1920 drog omkring 800.000 nordmenn til Amerika. Frå 1860-åra auka emigrasjonen frå Noreg kraftig. Toppåret var 1882 med omlag 28.000 norske utvandrarar. I året 1914 drog ein ung mann frå søre Bømlo til Amerika. Dette var Kristian Eidesvik frå Eidesvik.**

## Grunnar til at folk drog

For dei første emigrantane var politisk og religiøs undertrykking ei viktig årsak til at dei drog til Amerika. Arbeidsfolk hadde lite å seia over sine eigne arbeidsvilkår, og lekfolk kunne ikkje forkynna Guds ord fritt. Religions- og ytringsfridom stod allereie då sterkt i USA, og desse verdiane lokka mange dit.

Noreg var i siste halvdel av 1800-talet eit fattig land der folk i all vesentleg grad levde av primærnæringane jordbruk, skogbruk og fiske. Jordene var små, i alle fall her på Vestlandet, og barneflokkane store. Nyvinningar innan jordbruk og medisin førte til at fleire barn vaks opp. Men jordene var ikkje store nok til å leva av for alle, og eit "overskot" av folk vart skapt. Då kunne Amerika lokka med m.a. nærast uendelege areal med jord. Her var det berre å koma og ta det arealet ein syntest ein hadde bruk for.

No skal det seiast at Noreg frå 1840-åra hadde fått ein del industri, og denne industrien tok unna ein del av befolkningsoverskotet på landsbygda. Men det var ikkje på langt nær tilstrekkeleg.

For mange var det nok ein stor porsjon med eventyrlyst som lokka dei over "*Dammen*". USA vart gjennom reklame og propaganda framstilt som "*det forjettede land*", og mange ville prøva lykka. Dei fleste slo seg ned, men mange vart skuffa og reiste tilbake. Andre reiste fram og tilbake fleire gonger.

Gjennom dei såkalla "*amerikabrev*" heldt dei kontakten med "*gamlelandet*", og mange vart lokka til å dra gjennom desse breva.

Trass i den store utvandringa frå Noreg, auka folketalet her til lands med over éin million i åra mellom 1865 og 1920.

## Utvandring frå Bømlo

Også herifrå vår kommune reiste mange til Amerika. Frå heile dåverande Finnås kommune reiste 225 personar i åra 1876 til 1900. Frå søre Bømlo drog 41 personar til USA i åra 1856 - 1869.

I Leidarsteidn for 2017 har vi omtala Størk Størkson frå Espevær og Enok Eide frå Eide. Begge desse drog til Amerika og var der nokre år, men begge kom tilbake og budde resten av livet i Noreg.

Men kanskje dei mest kjende emigrantane frå søre delen av Bømlo er gutane som vaks opp i Karinestova på Hovland på slutten av 1800-talet. Sju av dei åtte brørne frå denne vesle stova emigrerte til Amerika, ingen av dei kom tilbake, anna enn på besøk. Historia om desse gutane står i Leidarsteidn 2008.

## Kristian Eidesvik - Tidlege leveår

Éin av dei som også utvandra til Amerika herifrå var Kristian Eidesvik, f. 12. juli 1896, frå Eidesvik. I folketeljinga frå 1910 står han oppført som Kristian Antonson, son til pladsmed og fiskar Anton Kristensen, f. 3. april 1865 og pladsmedskone Abeluna Kristoffersdatter, f. 10. januar 1866. I Bømlo Bygdebok bind III står desse oppførde med namna Anton og Abelone Eidesvik. Kristian vart døypt 2. august 1896, og fadrar var Kristoffer Aa. Lønning, Aanen K. Lønning, Lauritz T. Eide, Ingeborg K. Kallevåg og Marianne Simonsdtr. Eidesvik.

Anton og Abelone hadde ni barn.  
Desse var:

Kristiana f. 1889, gift med Thomas Vasnes, Austevoll.

Maren Cecilie (Celiå) f. 1891, gift med Roar E. Hovland.

Kristoffer f. 1894, gift med Mathilde Mæland (Tilla), Eide.

Kristian f. 1896, ugift, USA.

Anna f. 1898, gift med slaktar Johan Øvrebø, Haugesund.

Gurine f. 1900, gift med Ingvald Åsheim, Skånevik

Amanda f. 1903, gift med Rolf Fuglestad, Sauda.

Ingeborg f. 1906, ugift, Eidesvik / Haugesund.

Hans f. 1909, gift med Kristiane Eidesvik.




*Foreldra til Kristian, Abelone og Anton Eidesvik.  
(Foto frå Kjell Eidesvik)*

Ein veit ikkje så mykje om barndommen til Kristian, men etter som faren hadde ei lita jord og i tillegg var fiskar, må ein rekna med at han tidleg måtte delta både på garden og i fiskebåten. Kristian begynte på Hillestveit skule i 1902, og gjekk småskulen på Fridtun og storskulen på Vespestad - i skulehuset som vart bygt i 1896. Halvard Heggland frå Tysnes var då tilsett som lærar og kyrkjesongar i krinsen.

Skulen på den tida var sjuårig, og Kristian skulle då vera ferdig med skulegangen i 1909. Etter konfirmasjonen var det ut i arbeid for dei fleste ungdomane frå våre kantar. Gutane drog gjerne på fiske, medan jentene fekk teneste hos nokon, eller reiste til t.d. Haugesund for å læra å sy, jobba i butikk eller liknande. Mange jenter fekk òg jobb som sildearbeidarar på eit eller anna sildesalteri.

### **Draumen om Amerika**

Over Atlanterhavet frå England gjekk dei store damparane med



*Kristian sin lærar, Halvard Heggland (til venstre),  
ber saman med Jørgen Hovland.  
(Foto frå Einar Vorland)*

emigrantar frå dei fleste europeiske landa. Her til lands vart Den Norske Amerikalinje stifta i 1910, og ein må gå ut ifrå at Kristian kjende til både "Kristianiafjord" og "Bergensfjord", båtar som begge gjekk på Amerika då han var ung. Ikkje minst hadde han nok høyrte om "Titanic" som på tragisk vis gjekk ned på jomfruturen i 1912 og rundt 1500 personar omkom.

Draumen om Amerika må ha vore sterk hos Kristian, og i 1914, 18 år gammal, bestemte han seg for å dra. Han lova foreldra høgtideleg at han skulle koma tilbake, men slik skulle det ikkje gå.

Når foreldra til Kristian skulle reisa einkvan staden, gjekk dei alltid innom på "Hatten" for å fortelja kvar dei skulle. Det same gjorde Kristian òg då han drog til Amerika. Ein må gå ut ifrå at han også her sa at han skulle koma tilbake ein gong, men slik gjekk det altså ikkje. Amund Eide, som budde på "Hatten", hadde vore i Amerika i nokre år, men kom tilbake i 1912 for å overta heimegarden. Det kan vel henda at han hadde råd og formaningar å senda med Kristian som no skulle leggja i veg til USA.

### Registrering i USA

Dei fleste som emigrerte til Amerika måtte innom Ellis Island. Her var det mottak for folk frå Europa og alle deler av verda. I store protokollar vart den enkelte immigrant registrert med m.a. namn, fødselsdato og alle slags fysiske kjenneteikn som høgde, hårfarge, augefarge etc. Ikkje minst vart helsetilstanden nøye sjekka. Reisemålet i Amerika og kven ein ville ta inn hos vart òg registrert.

Men det ser ikkje ut for at Kristian kom via Ellis Island. Den 5. mai 1914 vart han registrert i "*Michigan Passenger and Crew Lists*" i Port Huron ved Detroit. Desse listene er oversikt over passasjerar og besetning på skip som kom til Detroit mellom 1903 og 1963. Informasjonen i listene er m.a. namn, alder, fødselsdato, fødestad, kjønn, etnisitet, siste buplass, ankomstdato etc. I desse listene skreiv han no Christian med Ch, ei slags "amerikanisering" av namnet. I denne artikkelen vert han frå no av kalla Christian.

### Den 1. verdskrigen

Den 28. juli 1914, rundt tre månader etter at Christian kom til Amerika, braut første verdskrig ut. Dette var ein verdsomspennande konflikt, med

sentrum i Europa, som varte fram til 11. november 1918. Konflikten stod m.a. om landareal, makt og maktfordeling i Europa. Den utløysande faktoren var drapet på arveprinsen i Østerrike-Ungarn, Franz Ferdinand, det såkalla skotet i Sarajevo. I krigen stod to store blokker av land steilt mot kvarandre; ententemaktene med Frankrike, Russland og Storbritannia på den eine sida og sentralmaktene Tyskland, Østerrike-Ungarn og Italia på den andre. Krigen utvikla seg til ein stillingskrig i skyttargravene langs grensa mellom Tyskland og Frankrike. I alt 9 millionar soldatar og 7 millionar sivile vart drepne i første verdskrig. USA slutta seg til ententemaktene i 1917, og kom då med i krigen. Noreg erklærte seg nøytral i konflikten og var på den måten alliansefritt, dvs. tok ikkje parti med nokon av dei stridande partane.

### Arbeid

Ein kjenner ikkje til kva arbeid Christian hadde dei første åra etter at han kom til Amerika, men for ein som ville arbeida var det nok alltid arbeid å få tak i.

Så, den 5. september 1918, då første verdskrig nærma seg slutten, fekk han arbeid i dei militære styrkane. Han fekk tittelen "*field clerk adjutant general*". Dette var inga militær grad, men ei stilling der arbeidet gjekk ut på ikkje-militært arbeid. Tenestestaden var Camp Grant i staten Illinois.

"*Field clerk*" er ein stillingsbetegnelse på arbeid innanfor eit spesielt felt. Slikt arbeid kan t.d. vera bokføring, rekneskap og revisjon, men kan òg vera arbeidsoppgåver innan mange forskjellige andre arbeidsfelt.

Ein "*adjutant general*" kan omsetjast med generaladjutant, og i USA er dette betegnelsen på ei stabsoffisersstilling med administrative oppgåver i det militære. Ein generaladjutant hjelper den kommanderande offiseren med oppgåver av forskjellige slag.

Denne stillinga hadde han fram til 26. mai 1919. Den siste lønnsutbetalinga (2894,04 dollar) fekk han 14. juni 1919. På lønsslippen er han tittelert mekanikar.

Den 5. desember 1918, like etter at første verdskrig var over, fekk Christian amerikansk statsborgarskap. Han var då 22 år gammal og budde i byen Clay i Minnesota.


”Den amerikanske draumen” er eit kjent omgrep i det amerikanske samfunnet. I botnen av dette omgrepet ligg draumen om å gjera det godt i livet - vera ”sin eigen lykkes smed”. Mulighetene til suksess er lik for alle, noko som er nedfelt i uavhengighetserklæringa frå 4. juli 1776 der det m.a. står at ”alle menn er skapt like” med retten til ”liv, frihet og å søkje lykke”. Hardt arbeid og sterk vilje var oppskrifta på suksess, og hindringar frå samfunnet si side skulle i liten grad setja stoppar for den enkelte i strevet etter å oppnå draumen sin.

Christian kjende nok godt til desse tankane, og det ser ut for at han greidde å utnytta mulighetene som låg der. Ikkje alle såg på utdanning som naudsynt for å svinga seg opp i Amerika, men Christian meinte at han kom betre ut med kunnskap i botnen.

Etter at engasjementet i dei militære styrkane var over, begynte Christian på High School, teknisk line, i regi av YMCA (Kristelig Forening for Unge Menn) i Chicago. Her tok han eksamen i 1923. Deretter gjekk han på college i to år (Northwestern University), også i Chicago. Lina han gjekk på var avansert bokføring og kostnadsberekning. Han var ferdig her i 1926.

Ved sida av utdanninga hadde Christian arbeid som rekneskapsfører. Mellom 1921 og 1927 var han tilsett i firmaet Western Electronic Inc., eit firma som produserte telefonutstyr. Frå 1927 til 1932 arbeidde han i Hearst Corporation, eit forleggjarfirma. Den vanskelege tida tidleg på 1930-talet ramma også Christian, og i juni 1932 vart han arbeidsledig. Men etter ein periode utan arbeid vart han redda av arbeidsmarknadstiltak sett i verk av den amerikanske presidenten.

I 1933 vart Franklin D. Roosevelt vald til president i USA. Landet var då prega av nedgangstider som følgje av det store krakket i 1929, med m.a. høge arbeidsløysetal. Roosevelt sette straks i gang eit program han kalla ”The New Deal”. Dette var eit offentleg program med mange tiltak for å få økonomien på fote igjen. Eit av dei viktigaste elementa i ”The New Deal” var det såkalla ”Civilian Conservation Corps”, forkorta til ”CCC”. I dette programmet skulle ufaglært ungdom få sysselsetjing og arbeidstrening av ymse slag. Arbeidet gjekk mykje ut på å ta vare på naturressursane på offentleg eigd land, m.a. med skogplanting, dyrking, vegarbeid etc.



*Christian Eidesvik.  
(Foto frå Kjell Eidesvik)*

Ungdomen budde i leirar som vart etablerte mange stadar rundt om i USA. Her budde dei gratis og fekk det dei trong av mat, klede og utstyr. Løna var 30 dollar i månaden, og av denne måtte 25 dollar sendast heim til familien. På det meste var 300.000 ungdomar innom dette tiltaket samtidig.

Christian fekk arbeid i dette systemet, og melde seg til teneste i Camp Custer i staten Michigan den 12. juli 1934. Han oppgir som sin næraste slektning Andrew Lønning, busett i Clark, South Dakota. Seinare gjer han teneste i mange leirar som t.d. Camp Herod og Camp Union, begge i staten Illinois.

I boka ”The Civilian Conservation Corps in Southern Illinois, 1933-1942” av Kay Rippelmeyer er han lista opp som ein av leiarane på leiren ”Camp Hutchins, F-8”. Denne leiren vart oppretta i oktober 1933 og var i drift fram til januar 1942.

I folketeljinga for 1940 kjem det fram ein del opplysningar om Christian. Registreringa vart gjennomført 21. mai 1940, medan han var i leiren ”Camp Hutchins, F-8”. Her får me vita at han då var 43 år, var ugift og hadde fast bustad i byen Union

i Illinois. Det kjem òg fram at han i 1935 budde i Cicero i Chicago, og at han hadde gått 2 år på college.

Heile programmet ”The Civilian Conservation Corps” med arbeidstiltak for ungdom vart avvikla i 1942. USA kom med i krigen etter det japanske angrepet på Pearl Harbor den 7. desember 1941, arbeidsløysa gjekk ned og Kongressen sette ein stoppar for vidare drift.

I juni 1942 forlèt Christian ”The Civilian Conservation Corps”. Når det gjeld utførelse av arbeidet han hadde gjort i leirane, vert han ein stad omtala som ”excellent” (utmerket). Ein annan stad vert han omtala som ”An exceptionally able man” (ein eksepsjonelt skikka mann). Men trass i god omtale og godt utført arbeid var det no ingen veg tilbake. Leirane vart avvikla og igjen måtte Christian sjå seg om etter nytt arbeid.

Som tidligare nemnt gav han i folketeljinga av 1940 opp at han hadde gått to år på college i Chicago. Han nemner ikkje der at han har høgare utdanning av noko slag. Det er grunn til å tru at to år på college kvalifiserte han for vidare studiar og at han når han no var ferdig i ”The Civilian Conservation Corps” begynte å studera til ingeniør. I alle fall vart han utpå 1940-talet tilsett som ingeniør på den militære treningsleiren Camp McCoy i Sparta. Denne leiren gjennomgjekk då ei stor utbygging. Eksakt kva arbeidsoppgåver han hadde der kjenner ein ikkje til.

Å finna husvære i Sparta på den tida var vanskeleg, difor leigde han rom i ”Aunt Nan’s rooming house” i North Water street i byen. Aunt (tante) Nan var Nan Reynolds, ei driftig og omtenksam dame som hadde skaffa seg eit levebrød ved å leiga ut rom i huset sitt. Ho hadde ein sjukleg mann, og jamlege sjukehusopphald og medisin for han kosta pengar, difor trong ho kvar dollar ho kunne skaffa til vegars.

Men Christian ville vidare. Han hadde no brei erfaring både frå militært og sivilt arbeid. I tillegg var han utdanna ingeniør. Han stilte difor sterkt i kampen om dei gode jobbane. Og god jobb fekk han, no ikkje på det amerikanske kontinentet, men på øya Okinawa i Aust-Asia.



*Christian på kontoret sitt på Okinawa.  
(Foto frå Kjell Eidesvik)*

### **Okinawa**

I 1945, då krigen nærma seg slutten i Europa, og Hitler sitt imperium var i ferd med å bli knust, var krigen enno ikkje over i Aust-Asia. Japan ville ikkje gi opp ekspansjonspolitikken sin, og USA, som sidan angrepet på Pearl Harbor i desember 1941 hadde vore med i krigen, engasjerte seg her saman med allierte styrkar. Målet var å ta tilbake det Japan hadde tatt kontroll over og setja ein stoppar for Japan sin ekspansjon. Den siste store hindringa for USA var å få kontroll over Okinawa, men når denne var sikra, ville dei gå til angrep på Japan m.a. herifrå. Slaget om Okinawa starta 1. april 1945, og utvikla seg til å bli eit av dei blodigaste slaga i heile 2. verdskrig. Japan angreip dei amerikanske styrkane med kamikaze-fly (sjølvmoordsfly), og tapa var store på begge sider. Omlag 100 000 sivile liv gjekk tapt; mange gjorde sjølvmoord som følgje av japansk propaganda. Slaget om Okinawa varte rundt 3 månader før USA fekk kontroll over øya. Denne kontrollen hadde USA fram til 1972, men framleis har dei basar på øya.



Som vel dei fleste kjenner til kapitulerte Japan først etter dei to atombombene som USA sleppte over byane Nagasaki og Hiroshima i august 1945.

Som følge av USA sin okkupasjon av Okinawa hadde amerikanarane no sjølvsgt behov for å oppretta ein administrasjon på øya. Eit apparat av politikarar og byråkratar måtte til for å styra øya. Christian fekk no tilbod om arbeid som ingeniør på Okinawa, og dette tilbodet tok han imot. Kva arbeidsoppgåver han fekk som ingeniør der kjenner me ikkje til, men på bileta me har av han derifrå ser det ut som han arbeider saman med ein heil stab av folk, både frå lokalbefolkninga og folk frå USA.

Kva årstal Christian fekk engasjementet på Okinawa er ukjent, men det må ha vore medan amerikanarane bygde opp basane sine der. Christian vart verande på Okinawa livet ut.

### Kontakt med heimlandet

Til tross for at Kristian var ung då han reiste til Amerika, og aldri kom tilbake til Noreg, gløymde han ikkje det norske språket. Han skreiv stadig brev heim om korleis han hadde det, og språkføringa var det ikkje noko å seia på.

I 1929, året for det store krakket, var det mange her i landet som hadde økonomiske problem, så også søskena til Christian her på Bømlo. Søster hans, Cecilie, skreiv då til broren i Amerika og bad om pengar. Redaksjonen i Leidarsteidn har fått tilgang til denne korrespondansen og gjengir eit par brev frå Christian. Sjå faksimile av breva.

Til jul sende han gåver, konfekt o.l. til familien.

### Død og arv

Christian døydd 1. juni 1965 på Okinawa, 69 år gammal. På gravsteinen hans står det FIELD CLERK ADJ GEN DEPT WORLD WAR I. Dette



*Dei to bileta syner Christian Eidesvik saman med medarbeidarar på Okinawa. (Foto frå Kjell Eidesvik)*

refererer til tittelen han hadde i det militæret under den første verdskrigen. På gravsteinen er tittelen gjengitt med ein del forkortingar - fullt utskreven ville tittelen vera slik: FIELD CLERK ADJUTANT GENERAL DEPARTMENT WORLD WAR I. Etter som denne tittelen er gjengitt på gravsteinen hans, må det vera ein tittel enten han sjølv, medan han levde, eller dei som kjende han hadde ynskje om skulle stå der - kanskje ein av dei viktigaste han har hatt i livet sitt.

Gjennom den norske ambassaden i Amerika kom det forespørsel om kva familien ynskje når det gjaldt begravelse - ville dei ha båra heim, eller skulle han gravleggjast i Amerika. Dette vart grundig drøfta, men dei enda opp med at han skulle gravleggjast i Amerika. Han vart då gravlagd i Golden Gate National Cemetary, San Bruno, San Mateo County, California.

Chicago, Ill.  
Oct. 2, 1929.

Kære Søster:

Jeg modtog dit brev en tid siden, hvorav jeg saa at du er i venskabsforhold angaaende penge. Ja, her er mange venskabsforhold i Amerika ogsaa. Jeg vil sende dig 500 kroner men du maa ikke fortælle det til andre (mange spinger om penge men jeg har ogsaa venskabsforhold). Hvordan shall jeg adressere pengene? Er denne adresse rigtig: -

Mrs Cecilie Hovland  
Langvaag Bommel  
Bergen Norway  
(Bergens Sparebank i Høylandet) C D

Jeg vil sende pengene naar jeg modtager dit brev. Skriv snart tilbage.

Din Broder i det fjerne  
Christian Eidesvik  
5029 W. 23 St.  
Chicago Ill. via Chicago Ill.  
X. 19.

Chicago Ill.,  
Nov. 11, 1929

Kære Søster:

Jeg modtog dit brev nogle dage siden. Forraat jeg saa at du end bra. hvilket glædet mig at høre. Jeg sender dig 535.00 kroner. 500.00 kroner er en gave til dig og du shall ikke betale mig, men du shall sende en liden jule gave til For og Mor fra mig, jeg sender dem peng. 35 kroner du shall dele til mine søskende, send en liden jule gave av 5.00 kroner til Knut, Christiane, Anna, Eivind, Armanda, Engborg og Hans fra mig.

Din Broder i det fjerne  
Christian Eidesvik  
5029 W. 23 St.  
Chicago Ill.  
via Chicago Ill.  
X. 19.

Eksempel på brev fra Christian Eidesvik i Amerika.  
(Frå Lauritz Hovland)

Mange drøymer nok om å arva ein rik onkel i Amerika. For nokre går draumen i oppfyljing, og dei sit plutsleg med ein del pengar på konto. Då Christian døydde på Okinawa den 1. juni 1964, etterlet han seg ein stor eigedom i byen Sparta i Wisconsin. Eigedomen vart taksert til 134.000 dollar. I tillegg hadde Christian pengar i to bankar og ein del aksjar og verdipapir. Når skattar til staten, og avgifter og gebyr til diverse advokatar var betalt, sat arvingane igjen med ein stor sum pengar til fordeling. Arveoppgjeret vart administrert av den norske konsulen i Madison, Bryon C. Ostby, og pengane utbetalte gjennom Bergens Privatbank i Haugesund. Ein kan lesa om arveoppgjeret i avisa "The La Crosse Tribune" i La Crosse, Wisconsin, onsdag 27. desember 1967.



*Christian sine søsken.*

*Framme frå venstre: Kristiana, Gurine, Cecilie.*

*Bak frå venstre: Amanda, Kristoffer, Ingeborg, Hans, Anna.*

*(Foto frå Lauritz Hovland)*


Ei stor kiste (trunk) med diverse gjenstandar etter Christian vart sendt til arvingane. Denne vart plassert hos Kristoffer og Tilla på Storhaug.

### Sluttord

Denne korte artikkelen om Christian Eidesvik byggjer på munnleg beretning om livet hans av nevøane Kjell Eidesvik og Lauritz Hovland og det ein kan finna av opplysningar om han på internett. Ein god del informasjon har me òg fått frå eit arkiv i Amerika, "National Personnel Records Center" i St. Louis, Minnesota.

Å reisa til Amerika aleine må ha vore ei stor påkjenning for den 18 år gamle Christian. Og ikkje minst foreldra må ha kjent på saknet av guten sin som no var overlatt til seg sjølv i dette store, framande landet. Det var ikkje berre å finna fram mobilen for å snakka med kvarandre eller sjå kvarandre, slik me gjer i dag. Men Christian fann ut av "systemet" i det framande landet og gjorde det godt. Men heim kom han aldri.

Christian vart verande ugift heile livet.



*Christian Eidesvik sin gravstein i California.*

*(Foto frå internett)*

# Kor vart det tå dei?

Ved Bertha Marie Eidesvik

I serien “Kor vart det tå dei?” presenterer me i år dei utflytta bømblingane Elisabeth Lønning Bueie, Arvid Vestvik og Tønnes T. Tollaksvik.

## Elisabeth Lønning Bueie

Eg heiter Elisabeth Lønning Bueie og er 39 år gammal. Eg vaks opp på Lønning på Langevåg saman med to eldre systre og foreldra mine Erna og Kåre Lønning. Mor mi jobba som førskulelærer på Bremnes mens faren min var fiskar og jobba på ferja. Eg hadde ein veldig fin oppvekst på Langevåg. Eg likte meg på skulen og spelte fotball og song i kor på fritida. I tillegg passa eg ungar der me tjente opp mot 20 kroner for eit par timars arbeid- og størsteparten av lønna gjekk med til å kjøpe snop same dag. I tillegg var eg mykje på bedehuset og songar som «Tett ved sida mi går Jesus» og «Takk at du tok mine byrder» kan eg utanåt fortsatt. Basar, juletefest og predikantar som fortalte kor dårleg Jesus likte kortspel og trommer hugsar eg òg godt- sjølv om eg i vaksen alder har reflektert over at det enkelte gonger kunne vera litt skremmande som liten å høyre om alt som kunne skje med ein om ein ikkje klarte å følgje den smale sti.

Det eg hugsar best frå oppveksten er alle timane me låg på kaien og fiska konteknorr og rødnebb i Bømmelhamn. Då var det for det meste saman med naboungane Audhild og Alf Guttorm Lønning. Eg hugsar òg at me fiska mykje frå svaberga, og eg lot meg imponere av at Alf Guttorm kunne fortelje at faren hans kunne kasta med stong heilt over til Sveio. St.Hans-feiringa på Lønning er òg eit veldig fint minne. Då samlast unge og gamle på Lønning på ei slette nede ved sjøen på veg til Løningsvatnet. Dei vaksne, ofte med Herdis Lønning i spissen, drog i gong gamle ringleikar som «Laurensia» og «Katt og mus», og ungane for rundt med fyrstikkesker og tente på brakane. Eg føler framleis at eg kjenner varmen frå det gedigne st.hansbålet varmar i kinna og det var ei god kjensle av tilhøyrslse å vera del av den feiringa på Lønning.

Eg flytta frå Langevåg i 1998 då eg begynte på datalinja på Rauma Folkehøgskule i Molde. Der

fekk eg gode venner som påverka studiestad og gjorde at eg flytta til Trondheim. No jobbar eg som norsklektor på vidaregåande skule i Lillehammer. Eg er gift med Henning Bueie frå Dovreskogen, og me har fire barn på 2, 8, 11 og 13 år i tillegg til ein hund av typen airedale terrier. Det som er bra med Lillehammer er at det er mange aktivitetar å velje i både for barn og vaksne. Det er stabile vintrar og flotte skiløyper, så sjølv eg som ikkje lærte meg å gå ordentleg på ski før eg var vaksen, kosar meg på lange skiturar. Ungane er aktive med fotball, håndball, innebandy og kor. Det eg saknar mest med heimstaden min er familie og sjøen. Eg er framleis veldig knytta til Bømlo, og sit som oftast og tørker tårer når eg dreg derifrå og lurar på kva i all verda eg tenkte på som kunne flytta så langt i frå ein så fin plass. Ungane mine er òg veldig knytt til plassen og har mange gode minner frå stranda i Vedvika med mormor, fiske og krabbefiske med morfar og leiking saman med søskenbarn frå Kviteseid og Ølberg.



*Elisabet med dottera Kornelia på armen. (Foto privat)*

# Arvid Vestvik

Min oldefar Simon Hellvik kom til Bømlo og kjøpte gården Vestvik på Kallavåg og tok navnet Vestvik. Min bestefar Anton Vestvik var båtbygger og arbeidet sammen med min far Arthur på båtbyggeriet i Sagvåg. Min far arbeidet senere som snekker på Bømlo og har bygt mange av husene på Bømlo fra den tiden. På vinteren arbeidet han som fisker.

Jeg bodde på Bømlo til jeg som 16 åring var ferdig med skolegang på Hillestveit barne- og ungdomsskole. På Bømlo var mulighetene få og skulle man gå videre måtte man ut. Min utdanning har jeg fra Danvik folkehøyskole i Drammen og bygningsingeniørutdanning fra Malmø Tekniska Institutt. Etter lang sykdom omskolerte jeg meg til takstingeniør ved universitetet i Stavanger.

Jeg er gift med Jorunn Vestvik. Hun er også vestlending, nærmere bestemt fra Bremanger.

Vi har tre barn. En sønn bor på Vigrestad, en i Sarpsborg og en datter i Fredrikstad.

Vi er fem generasjoner som bærer bygningsfaget videre. Det er jeg stolt over. Min sønn Michael startet bygningsfirma i Stavanger og er nå lektor i bygningsfag på høgskolen i Bryne. Min andre sønn Jesper har akkurat tatt svennebrev i murerfaget

Min yrkesmessige bakgrunn som ingeniør er lang, variert og solid. Fra avdelingsingeniør i Forsvarets Bygningstjeneste, til rådgivende ingeniørfirmaer i byggeteknikk, driftssjef og daglig leder i flere entreprenørselskaper. I politikken har jeg vært aktiv med en rekke verv. Jeg har sittet 20 år i bystyret samt en periode i formannskapet. Jeg har også vært styreleder i Fredrikstad Energi og i ”aristokratene ” (Fredrikstad fotballklubb). Jeg har hatt et rikt liv og trives og bor i Fredrikstad.



*Arvid Vestvik  
(Foto privat)*

# Tønnes T. Tollaksvik

## 44 år, fra Holme



*Tønnes T Tollaksvik med kona Yabua Yang og dottera Ina Tollaksvik (Foto privat)*

Redaksjonen i Leidarsteidn kontaktet meg for en tid siden og spurte om jeg ville forfatte et innlegg til årets utgave av Leidarsteidn. Som utflyttet Bømling så svarte jeg ja på dette siden det har vært ei lang reise etter jeg for snart 17 år siden flytta fra både Holme, Søre Bømlo og Fedrelandet.

Oppvokst på «Hoi» på Holme nord for Løvegåpet, i en flott søskenflokk på totalt fire og en særdeles tålmodig mor. Mye av min ungdomstid ble tilbrakt på Langevåg, både på skole og i fritiden. Jeg var privilegert som fikk mulighet å gå totalt 9 år ved Hillestveit skole, gilde medelever og med lærere på øverste nivå. Heldigvis så var jeg ikke alene med å ta skolebussen til Langevåg hver morgen, på topp så var vi hele 10 unge som tok bussen fra Holme i midten av 80-åra. Det var på ingen måte noen fare for å møte trøtt på skolen siden veiene var av slik art den tiden at bussen ristet nærmest heile veien til Langevåg. Det var den gangen, etter dette har

det vært en rivende utvikling med ny veitrase til Langevåg og ingen unge som tar skolebussen fra steder som Holme.

Fritidsaktiviteter var det nok av på Langevåg med både volleyball og fotball, noen av lærerne deltok også, topp motiverte etter en hard arbeidsdag på skolen.

Kort sagt- en fantastisk tid en ikke ville vært foruten.

Årene etter Ungdomskolen strekte seg fra Rubbestadneset i Nord til Haugesund i sør, både utdanning og som læretid ved forskjellige lokale bedrifter som Finnås Kraftlag, Sæverud og Simonsen Elektro og Eidesvik Offshore. Jeg hadde ingen anelse på den tiden at jeg skulle flytte permanent fra Holme og Søre Bømlo, det var jo der jeg var oppvokst og hadde mine røtter.

Det hele startet som reisemontør for Wärtsilä, der jeg skulle ta et to ukers oppdrag i Kina. To uker ble til 4 måneder og måneder ble til 4 år. To koffertar med på utreise ble til en 20 fot container på hjemreise, med på lasset en flott kone som jeg er gift med den dag i dag. Arbeidstedene i Kina var hovedsakelig langs østkysten, men også Japan og steder langs de store elvene mot sentrum av Kina.

Dette var tider der Kina virkelig hadde oppsving i industrien og redere kom fra alle verdenshjørner for å fornye flåten.

Etter hjemkomst ble det et år bopel på Rubbestadneset før flyttelasset gikk videre til Singapore for Scana Industrier. Varighet i Singapore ble rundt et år og etter dette gikk flyttelasset til Bergen. Der ble jeg boende i 4 år og arbeidet i denne perioden for både JV CGG Eidesvik og National Oilwell Varco med rotasjonsordning utland som var hovedsakelig i Sør Korea. For National Oilwell Varco så bar det igjen til Kina med flyttelass og full av pågangsmot. Denne gang med varighet i vel 4 år nord-øst i landet ved Shandong provinsen. Oppdraget var ansvar for installasjon og

ferdigstillelse av borepakker levert til flere borerigger bygget i området. På det meste var vi åtti personer fordelt på ti forskjellige nasjonaliteter i sving for å få systemene opp å gå.

I skrivende stund så har jeg nettopp flyttet adresse tilbake til heimlandet og Bergen. Flyttecontaineren har det siste strekket igjen før den når terminalen ved Puddefjordsbroen og Møhlenpris, da er det bare å starte og pakke ut igjen...

I blant et hav av folk og byggmasse i Asia gikk ofte tankene hjemover til Bømlo og «Hoién», spesielt i høytider, men også da ryktene kom meg for øret at makrellen var kommen. Selv om verden er blitt mindre med all digitalisering så er forskjellen stor i levesett og kultur. Her har Søre Bømlo noe viktig og unikt som jeg ikke har opplevd maken til noe sted.

Jeg vil avslutte med å si meg enig i uttrykket, «Borte bra men hjemme best!»

Tønnes - 30. september, Yantai.

*Bømlo Tur- og Sogelag ynskjer  
lesarane av Leidarsteidn ei  
God Jul og Eit Godt Nyttår!*



*Espevær 1926.  
(Foto frå Tolleiv Hidle)*

Biletskanning og formgjeving: Bernt Emil Vika  
Trykkeri: Leirvik Trykkeri AS  
Opplag: 700 eks.